

Kronstad

Rapport 2011 Planar 2012

HØGSKOLEN I BERGEN



HØGSKOLEN I BERGEN

FØREORD

Rapport- og plandokumentet 2011-2012 er utarbeidd i samsvar med retningsliner frå departementet. Dokumentet har vore handsama i høgskolestyret i tre møte hausten 2011/våren 2012. I styremøte 15. februar 2012 slutta styret seg til hovudlinene i dokumentet og gav rektor og høgskoledirektør fullmakt til å slutføre arbeidet med rapport og plan.

Dokumentet har vore drøfta grundig i organisasjonen. I tillegg til styrehandsaminga, har det vore tema på fleire leiarmøte. Det er motteke innspel frå avdelingar og fagmiljø, og det har vore drøfta med dei tillitsvalde, siste gong i møte av 13. februar 2012. Arbeidet med risikovurderingar er ført vidare. Det er lagt vinn på å knyte risikovurderingar til overordna strategiar, men arbeidet med utvikling av eit tenleg system for risikovurdering må halde fram.

Året 2011 vart det gjennomført val på nytt rektorat. I tillegg kom utlysing og tilsetjing av faglege leiarar på avdelings- og grunneiningsnivå. Den faglege leiinga er styrkt ved oppretting av funksjon som viserektor for forskning og tilsvarande to prodekanar ved avdelingane, høvesvis for utdanning og forskning. Det er såleis etablert ei gjennomgåande fagleg line frå avdeling til rektorat både innan utdanning og forskning. Dekanane har fått avlastning ved at ein har to prodekanar med i leiinga. Hausten 2011 vart det sett fokus på leiarutvikling, og utdanningsleiing er peika ut som eit viktig målområde i åra som kjem.

Høgskolen har i 2011 vore i god utvikling og fleire viktige milepelar og mål er nådde. På utdanningssida vart kvalitetssystemet til høgskolen godkjent av NOKUT. Endringsforslag og utbetringar er godt forankra i ein eigen handlingsplan. Arbeidet med iverksetjing av ny grunnskolelærarutdanning held fram saman med dei andre høgskolane i regionen. Høgskolen fekk ei påminning om at ein byggjer på lange utdanningstradisjonar då jordmorutdanninga feira 150 år.

Hovudstrategien til høgskolen på utdanningssida er no å konsolidere Bachelorutdanningane og utvikle/vidareutvikle mastergradsstudium som eit bindeledd inn mot doktorgradsplattformene. Master i teknologifag/sivilingeniørstudium har her høgaste prioritet. Nye tilbod er under utvikling, som t.d. master i energiteknologi, master i idrett/folkehelse og master innan omsorgsteknologi. Alle avdelingane er dessutan godt i gang med å innarbeide kvalifikasjonsrammeverket og utvikle element av innovasjon og entreprenørskap i alle studium. Høgskolen gjennomfører gode opptak med stor konkurranse om å kome inn på dei fleste av studietilboda. Samstundes har høgskolen ein av dei beste gjennomføringsstatistikkane i landet. I 2011 oppnådde studentane fleire studiepoeng enn nokon gong tidlegare.

Høgskolen oppnår stadig fleire og betre resultat når det gjeld profesjonsutviklande forskning. Det faglege personalet oppnår høgare kompetanse gjennom kvalifiseringsordningar og opprykk. Talet på stipendiatar veks og er no kome opp i 27 eigenfinansierte. I tillegg kjem betring i publiseringa og fleire publiseringspoeng. Grunnlaget for vidareutvikling av doktorgradsprogramma og spissing av verksemda inn mot master- og PhD-nivå er styrkt. Her må nemnast fagmiljø innan helsefaga og kunnskapsbasert praksis som oppnådde svært gode resultat i forskingsrådet si internasjonale evaluering.

Høgskolen held fram arbeidet med å vere ein samarbeids- og utviklingsaktør i regionen og gi profesjonsutdanning av høg kvalitet og såleis oppfylle samfunnsmandatet. I åra som kjem vil det nyetablerte Rådet for samarbeid med arbeidslivet ha ei viktig rolle. Dei faglege aktivitetane vert lagde merke til, særleg nysatsinga innan omsorgsteknologi. Fleire statsrådar, stortingsrepresentantar og representantar frå politisk og administrativ leiing i fylket og kommunane har vore på vitjing.

Aktivitetane knytt til bygging og utvikling av ein ny campus på Kronstad vil ha mykje merksemd fram til innflytting i 2014. Høgskolen står framfor si største omstilling nokonsinne, organisatorisk og fagleg. Prosjektorganiseringa for samlokalisering vart endra hausten 2011, med sterkare fokus på dei to hovudprosjekta knytt til høvesvis bygg og organisasjon. Sistnemnde er særleg spissa inn mot dei administrative funksjonane.

Høgskolen har klart å snu ein tidlegare anstrengt budsjettsituasjon. Året 2011 gjekk ut med ei vesentleg betring av avsetningsnivået, sjølv om det framleis er eit stykke att til måtalet er nådd for 2014.

Samla er det lagt eit godt grunnlaget for å vidareutvikle høgskolen til neste kvalitetsnivå.

Ole-Gunnar Søgne
rektor

Audun Rivedal
høgskoledirektør

Innhald

FØREORD	1
RESULTATRAPPORTERING FOR 2011	5
Innleiing.....	5
Arbeidet i styret	5
Sektormål 1: Utdanning.....	8
Innleiing.....	8
Verksemdsmål 1.1: Universitet og høgskolar skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.....	10
Verksemdsmål 1.2: Universitet og høgskolar skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrømming.	12
Verksemdsmål 1.3: Universitet og høgskolar skal ha eit omfattande internasjonalt utdanningsamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.....	14
Kvalitative vurderingar – sektormål 1	16
Sektormål 2: Forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.	20
Innleiing.....	20
Verksemdsmål 2.1: Universitet og høgskolar skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet elles.	21
Verksemdsmål 2.2: Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskolane innrette sin forskingsinnsats slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.....	23
Kvalitative vurderingar – sektormål 2	25
Sektormål 3: Formidling og samfunnsoppdrag	27
Innleiing.....	27
Verksemdsmål 3.1: Universitet og høgskolar skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatata frå forskning og utviklingsarbeid.....	28
Verksemdsmål 3.2: Universitet og høgskolar skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.....	29
Verksemdsmål 3.3: Fag- og forskningssentera ved høgskolen skal vere ein regional og nasjonal drivkraft innanfor sine fagområde. Sentera skal kunne bidra med sin eigen kompetanse på tvers av avdelingane (HiB sitt eige verksemdsmål).....	31
Kvalitative vurderingar – sektormål 3	32
Sektormål 4: Forvaltning.	34
Innleiing.....	34
Verksemdsmål 4.1: Universitet og høgskolar skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.	35
Verksemdsmål 4.2: Universitet og høgskolar skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.	37
Verksemdsmål 4.3: Universitet og høgskolar skal ivareta høg kvalitet i økonomi-forvaltninga. God intern kontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til i dei strategiske prioriteringane ved institusjonen.....	39
Verksemdsmål 4.4: Universitet og høgskolar skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og til at oppgåver og ansvar vert fordelte og løyste gjennom samarbeid.	41
Kvalitative vurderingar – sektormål 4	42
Dei 10 viktigaste risikomomenta for Høgskolen i Bergen i 2011	44
Anna rapportering.....	47

Felles føringar.....	55
ÅRSPLAN 2012.....	57
Innleiing.....	57
Sektormål 1: Utdanning	59
Innleiing.....	59
Verksemdsmål 1.1: Høgskolen i Bergen skal tilby solide, forskingsbaserte og relevante utdanningar på eit høgt fagleg nivå.....	60
Verksemdsmål 1.2: Høgskolen i Bergen skal utdanne høgt kvalifiserte, sjølvstendige, reflekterte og etisk bevisste yrkesutøvarar for ein nasjonal og internasjonal arbeidsmarknad.	60
Sektormål 2: Forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid	63
Innleiing.....	63
Verksemdsmål 2.1: Høgskolen i Bergen skal auke aktiviteten og kvaliteten innanfor FoU-verksemd, og medverke til å utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv.	63
Sektormål 3: Formidling og samfunnsoppdrag	66
Innleiing.....	66
Verksemdsmål 3.1: Høgskolen i Bergen skal vere ein sentral samarbeidspartnar og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet. Høgskolen skal delta i samarbeidsprosjekt, kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging som kan gje menneske betre livsvilkår, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. ...	66
Sektormål 4: Forvaltning	68
Innleiing.....	68
Verksemdsmål 4.1: Høgskolen i Bergen skal ha eit arbeids- og læringsmiljø som er ope, stimulerande, trygt og utfordrande.....	68
Verksemdsmål 4.2: Høgskolen i Bergen skal utvikle ein heilskapleg organisasjon på Kronstad, der samlokaliseringa skal styrkje fagleg samarbeid på tvers av utdanningane.....	69
Verksemdsmål 4.3: Høgskolen i Bergen skal leggje til rette for gode kunnskapslokale med høg kvalitet. Høgskolen skal ha som mål å verte miljøfyrtårnbedrift.	69
Verksemdsmål 4.4: Høgskolen i Bergen skal ha høg kompetanse blant dei tilsette, òg med tanke på å oppnå universitetsstatus.....	70
Verksemdsmål 4.5: Høgskolen i Bergen skal skape eit større økonomisk handlingsrom gjennom effektiv bruk av ressursane og tydelege prioriteringar.	70
Plan for tildelt bevilgning for 2012.....	72
VEDLEGG	75
Vedlegg 1: Risikovurdering 2012 – dei viktigaste risikoane ved Høgskolen i Bergen.....	77
Vedlegg 2: Bruk av studieplasser	80
Vedlegg 3: Studentkapasitet – kartleggingsskjema	82
Vedlegg 4: Høgskolens planar for oppfølging av tildelte studieplassar	85
Vedlegg 5: Oppfølging av NOKUT-evaluering av førskolelærarutdanninga	88
Vedlegg 6: NOKUT-komiteens merknader i samband med akkreditering av IET-masteren	92
Vedlegg 7: Redegjørelse – likestilling og mangfold	95

RESULTATRAPPORTERING FOR 2011

Innleiing

Resultatrapporteringa for 2011 tek utgangspunkt i årsplanen for 2011 i struktur og innhald. Både planen og rapporten er basert på målstrukturen Kunnskapsdepartementet (KD) fastsette for 2011. Rapporteringa er dessutan gjennomført i samhøve med rapporteringskrava KD har stilt i tildelingsbrev for 2011 og 2012 og i dokumentet *Rapporteringskrav for statlige universiteter og høyskoler for 2011*.

Kvart sektormål har ei innleiing som trekk fram noko av det viktigaste som hende på det aktuelle feltet i 2011. Høgskolen delte opp kvart verksemdsmål i delmål i årsplanen for 2011, og i rapporteringa er det fokusert på måloppnåing for kvart av delmåla. Til dei forskjellige verksemdsmåla er det knytt kvantitative styringsparameter. Dei fleste av desse er fastsette av KD, medan eit mindretal er definert av høgskolen sjølv (merka HiB). Her er det knytt kommentarar til måloppnåing relatert til dei måltala som vart definerte for 2011. I tråd med krava er omtalen av kvart sektormål avrunda med kvalitative vurderingar av tema definert av KD.

I årsplanen for 2011 skildra høgskolen dei ti viktigaste risikoane for å ikkje oppnå måla som var sett for dette året. Etter gjennomgangen av dei fire sektormåla kjem ei vurdering av status for desse risikoane ved slutten av rapporteringsåret. Deretter følgjer «Anna rapportering» og «Felles føringar», i tråd med krava til rapportering stilt av KD. Det er også ei rekkje vedlegg knytt til rapporten.

Høgskolestyret godkjenner det samla dokumentet Rapport 2011 – årsplan 2012 i styremøtet 15. februar 2012.

Arbeidet i styret

Høgskolestyret hadde våren 2011 denne samansettinga:

Styreleiar: rektor Eli Bergsvik

Medlemmer

Tilsette i undervisnings- og forskarstillingar:

Knut Helland
Yngve Lamo
Beate Lode

Tilsette i teknisk-administrative stillingar:

Henning Norheim

Studentar:

Rasmus Haugen Sandvik
Isabel Grindheim

Eksterne medlemmer:

Anne Sissel Faugstad
Kristen Haugland
Atle Tidemann

Varamedlemmer

1. Kjell Henriksbø
2. Terje Årsvoll Olsen
3. Alvhild Alette Bjørkum

1. Kari Karlsen
2. Tove Pemmer Sætre

1. Jan-Robert Nienhuis
2. Elise Kleppe

1. Sjur Storaas
2. Luis Fernando Claire

Edel Eikeseth

Prorektor Carsten Helgesen var vararepresentant for rektor i styret.

Høgskolestyret hadde hausten 2011 denne samansettinga:

Styreleiar: rektor Ole-Gunnar Søgner

Medlemmer

Tilsette i undervisnings- og forskarstillingar:

Sissel Johansson Brenna

Asle Holthe

Beate Lode

Varamedlemmer

1. Ragnar Gjengedal

2. Marit Graue

3. Njål Vindenes

Tilsette i teknisk-administrative stillingar:

Henning Norheim

1. Liv Kjelleberg

2. Marianne Mathiesen

3. Giselda di Giovanni

Studentar:

Rasmus Haugen Sandvik

Kjersti Myhre

1. Isabel Grindheim

2. Håkon Berg

Eksterne medlemmer:

Kristian Helland

Mona Røsvik Strømme

Atle Tidemann

Sissel Østberg

Inge Alver (personleg vara for K. Helland)

Aud Karin Oen (personleg vare for M. R. Strømme)

Frédéric Verhelst (personleg vara for A. Tidemann)

Gunhild Utkvitne (personleg vara for S. Østberg)

Prorektor Bjørg Kristin Selvik var vararepresentant for rektor i styret.

Styret hadde ti møte i 2010, og handsama 142 saker. Av dei ti møta var to ekstraordinære, der tilsetting i åremålsstillingar var tema. I samband med møtet i februar deltok styret på arbeidsmiljødagen ved høgskolen. Styret hadde gjennom året møte med alle dei tre avdelingane og med Studentparlamentet. Det avtroppande styret hadde eitt styreseminar i januar 2011, der tema var vidare utvikling på Kronstad, og eitt i juni 2011, der styreperioden 2007-2011 vart summert opp og strategiar i forhold til endringar i sektoren vart diskuterte. Det nye styret hadde eitt seminar i september 2011, der målsettinga var å gje styremedlemmene og varamedlemmene ei innføring i styrearbeidet.

Nokre av sakene som spesielt prega 2011 var ny åremålsperiode, med val av nytt rektorat og ei lang rekkje tilsettingsaker, fagleg understruktur ved avdelingane, omstillingsarbeidet og vidare utvikling på Kronstad.

I samband med det siste møtet våren 2011 gjennomførte det avtroppande styret ei vurdering av eige arbeid. Det vart peikt på at det hadde vore ei rivande utvikling i styreperioden, og at utviklinga hadde gått i riktig retning. Styret fekk større innverknad og vart meir medveten på si eiga rolle. Styret opplevde at det vart invitert til å vere med å ta grep rundt den vanskelege økonomiske situasjonen, og lukkast med å snu ein negativ trend. Utviklinga av kvalitetssystemet var ein god prosess.

Inntakskvaliteten til studiane var god, og styret opplevde det som svært tilfredsstillande at studentane ved høgskolen har ein høg grad av gjennomføring samanlikna med sektoren elles.

Styret viste til Strategisk plan, og peikte på at høgskolen har høge ambisjonar. Styret meinte vidare at om ein såg på styreperioden under eitt hadde høgskolen løfta seg monaleg i høve til kompetanse blant dei tilsette.

Styret opplevde at det var opne og rause diskusjonar på styremøta, spesielt mot slutten av styreperioden, og at det generelt var eit godt klima i styret og god møteleiing.

Det avtroppande styret peikte også på at det var eit godt stykke igjen å gå i det strategiske arbeidet og i dei meir politiske sakene. Det kunne vere ei utfordring å halde eit tilstrekkeleg overordna fokus. Styret såg gjerne at det i større grad vart utvikla økonomiske analyser til nokre av sakene og til styrets prioriteringar.

Det nye styret hadde på rapporteringstidspunktet vore i arbeid for kort tid til at grunnlaget for ei eigenevaluering var fullt ut til stades. Ein ønskte å kome attende til ei slik evaluering på eit seinare tidspunkt, gjerne etter minst eit års styrearbeid.

Sektormål 1

Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Innleiing

2011 var nok eit godt år for opptak av studentar til Høgskolen i Bergen. Det interne opptaket var ekstra krevjande for høgskolen dette året fordi det var opptak til mange masterutdanningar. Det vart lyst ut to nye mastertilbod, og i tillegg var det fleire av masterutdanningane som har opptak anna kvart år som byrja hausten 2011. ABIO-utdanningane (vidareutdanning i anesthesi-, barne-, intensiv- og operasjonssjukepleie), som har opptak kvart tredje semester, hadde også opptak denne hausten.

Også i 2011 hadde høgskolen fokus på å rekruttere kvinnelege studentar til studiar med overvekt av menn, og mannlege studentar til studiar med overvekt av kvinner. Men det viser seg å vere vanskeleg å oppnå store endringar i kjønnsbalansen i utdanningane, og dersom haldningane til yrke blant ungdommar skal verte endra, må arbeidet for å oppnå dette byrje tidleg. Avdeling for ingeniørutdanning inviterte derfor i 2011 jenter frå 10. klasse til Jentedagen, med tanke på å inspirere dei til å velje realfag i vidaregåande skole.

Høgskolen har så langt ikkje arbeidd like mykje med å få til eit kulturelt mangfald blant studentane som med å oppnå god kjønnsbalanse. Det er ei utfordring at vi ikkje har gode data på kor mange med annan språkleg og kulturell bakgrunn enn norsk som er studentar ved høgskolen. Dette vert ikkje registrert ved opptak for studentar med norsk statsborgarskap. Hausten 2011 vedtok Utdanningsutvalet å halde særskilt fokus på denne problemstillinga i tida som kjem.

Tidlegare år har høgskolen fått ein del tilbakemeldingar på alkoholforbruket til studentane i samband med studiestart og fadderarrangement. I 2011 arbeidde derfor høgskolen med å få til slike arrangement med mindre vekt på alkohol og festing. Tilbakemeldingane etter oppstartveka tyder på at dette var svært vellukka.

Hausten 2010 gjennomførte NOKUT ei evaluering av høgskolen sitt system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda, og i juni 2011 fekk kvalitetssikringssystemet si endelege godkjenning. Hausten 2011 arbeidde høgskolen med å følgje opp merknadene i rapporten frå NOKUT-komiteén, og i november godkjende høgskolestyret ein handlingsplan for oppfølging av kvalitetssikringssystemet.

Karrieresenteret gjennomførte Kandidatundersøkinga i 2011 i samarbeid med mellom anna Høgskolen i Bergen. Undersøkinga viste same mønster som tidlegare undersøkingar: kandidatar frå Høgskolen i Bergen får seg i hovudsak jobb kort tid etter avslutta studiar, og fleirtalet får seg jobb i regionen.

Arbeidet med å identifisere internasjonale hovudsamarbeidspartnarar og styrkje samarbeidet med desse har gått noko seinare enn planlagt. Å utvikle internasjonalisering av utdanning til å omfatte meir enn utveksling tek tid, og det å kople internasjonalisering i utdanning og forskning er krevjande. Men denne utviklinga er ein kontinuerleg prosess som går i riktig retning, og som mellom anna det nye rektoratet fokuserer på. I desember 2011 sette høgskolen ned eit utval som skal utarbeide ny handlingsplan for internasjonalisering i løpet av våren 2012. Som ei førebuing til dette utarbeidde ei arbeidsgruppe våren 2011 ein rapport med vurdering av status for internasjonaliseringsarbeidet ved høgskolen.

Høgskolen fortsette i 2011 samarbeidet mot Kina, og signerte ein ny avtale med Beijing Sports University. Førre rektor var leiar for Bergen Konfutse institutt, og noverande prorektor er nestleiar.

I mai 2011 arrangerte høgskolen Staff Mobility Week for tilsette ved høgskolen sine europeiske partnerinstitusjonar. Arrangementet var godt besøkt, med 25 deltakarar frå 11 land.

Verksemdsmål 1.1

Universitet og høgskolar skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.

Delmål 1.1.1

Høgskolen skal utdanne kandidatar som er etterspurde på arbeidsmarknaden.

Måloppnåing:

- Kandidatundersøkinga for 2011 viser at HiB utdannar kandidatar som er etterspurde og i stor grad får relevant jobb i høve til utdanninga si, og at dei fleste får jobb i regionen.
- Relevansundersøkinga er under utarbeiding og vert gjennomført våren 2012.

Delmål 1.1.2

Høgskolen skal ha høg inntakskvalitet på alle utdanningane.

Måloppnåing:

- Opptaket 2011 var like godt som for 2010.
- Inntakskvaliteten er høg på dei fleste studia.
- Berre nokre få studietilbod vart lagt ut på Restetorget hausten 2011.

Delmål 1.1.3

Høgskolen skal etablere og auke opptaket til masternivå innan strategisk viktige område som byggjer opp under grunnutdanningane.

Måloppnåing:

- Høgskolen tilbaud to nye masterutdanningar i 2011: master i klinisk sjukepleie og master i barne- og ungdomslitteratur. Høgskolen tilbaud også ei ny fordjuping i pedagogikk innan master i undervisingsvitenskap.
- Det var godt opptak til alle mastergradsstudia, med unntak av Barne- og ungdomslitteratur. Dette studiet var nytt og ukjend og må marknadsførast betre til neste opptak, som er hausten 2013.

Delmål 1.1.4

Høgskolen skal oppnå betre kjønnsbalanse og større kulturelt mangfald blant studentane.

Måloppnåing:

- Det var lite endring i kjønnsbalansen i utdanningane etter opptaket hausten 2011 – høgskolen opplever framleis at ungdomar gjer tradisjonelle val.
- Det vart lagt vekt på kjønnsbalanse i marknadsføringa av utdanningane. Til jentedagen på AI hausten 2011 inviterte høgskolen jenter i 10. klasse for å inspirere dei til å velje realfag i vidaregåande skole. Arrangementet var vellukka, med svært positive tilbakemeldingar frå deltakarane.
- Høgskolen forsøker å rekruttere tilsette av det underrepresenterte kjønn på dei enkelte utdanningane for å skape kvinnelege/mannlege rollemodellar.
- Høgskolen manglar data på kulturelt mangfald blant studentane.

- Det har vore noko fokus på rekruttering av studentar med annan kulturell bakgrunn enn norsk – AL tilbyr t.d. emne innanfor bachelor for tospråklege, som er ei faglærerutdanning for studentar med minoritetsspråkleg bakgrunn.
- Det vart gjennomført tiltak i nokre av utdanningane for å følge opp studentar med særskilde behov i høve til språk og kulturell forståing.

Styringsparameter verksemdsmål 1.1

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål
	2009	2010	2011	2011
Talet på kvalifiserte førstevalsøkarar per studieplass (KD)	2	2,21	2,15	2,3

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 1.1:

- Talet på kvalifiserte førstevalsøkarar per studieplass gjekk litt ned frå 2010 til 2011. Det er likevel snakk om ei svært lita endring, og hovudintrykket er at høgskolen hadde eit svært godt opptak i 2011. Det var særleg til førskolelærerutdanninga og til grunnskolelærerutdanningane det var ein nedgang i talet på søkarar (men likevel svært god søking samanlikna med andre institusjonar som tilbyr desse utdanningane). I høve til grunnskolelærerutdanninga er det viktig å vere klar over at opptaket i 2010 var særst godt.

Verksemdsmål 1.2

Universitet og høgskolar skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrømming.

Delmål 1.2.1

Alle utdanningane skal vere i rute i høve til plan for å implementere kvalifikasjonsrammeverket i fag- og studieplanar innan 2012.

Måloppnåing:

- Alle avdelingane er i rute i høve til planlegging av innføringa av kvalifikasjonsrammeverket.
- Undervisning i informasjonskompetanse inngår i fag- og studieplanar ved alle avdelingane i tett samarbeid mellom biblioteket og fagmiljøa, og i samsvar med føringane frå Kvalifikasjonsrammeverket.
- Kvalifikasjonsrammeverket er innarbeidd i alle utdanningar. Unntaket er førskolelærerutdanninga, ettersom ny rammeplan for denne utdanninga er utsett til studiestart 2013.

Delmål 1.2.2

Høgskolen skal følgje opp NOKUT-evalueringar av utdanningar og av kvalitetssystemet.

Måloppnåing:

- Handlingsplan for oppfølging av evalueringa av kvalitetssystemet for utdanning er utarbeidd og vedteken.
- Høgskolen vidareførte i 2011 arbeidet med å følgje opp NOKUT-evalueringane av allmennlærerutdanninga, førskolelærerutdanninga og ingeniørutdanninga.

Delmål 1.2.3

Høgskolen skal vidareutvikle den pedagogiske kvaliteten.

Måloppnåing:

- Plan for vidareutvikling av den pedagogiske kvaliteten inngår i handlingsplanen for oppfølging av NOKUT-evalueringa av kvalitetssystemet for utdanning.
- Utdanningsutvalet vedtok hausten 2011 å prioritere arbeidet med pedagogisk kvalitet høgt i det vidare arbeidet.
- Søknad om pilot for å få Senter for framifrå utdanning vart sendt i 2011, men vart ikkje innvilga.

Delmål 1.2.4

Høgskolen skal auke gjennomstrøyminga blant studentane i utdanningar med for låg gjennomstrøyming.

Måloppnåing:

- Gjennomstrøymingsprosjektet ved AI fortsette i 2011, og Læringsmiljøprisen for 2011 gjekk mellom anna til dei som arbeidde med dette prosjektet. Gjennomstrøyminga på AI betrar seg over tid, og stadig fleire ingeniørstudentar fullfører utdanninga – høgskolen uteksaminerte i 2011 heile 358 ingeniørar. Studiepoengproduksjonen ved avdelinga auka frå 2010 til 2011.

- Det har vore noko fråfall på GLU, og Avdeling for lærarutdanning har kontakta alle som slutta på 2010-kullet. Årsakene til fråfallet viste seg i liten grad å vere knytt til studieopplegget. Fråfallet på 2011-kullet ser så langt ut til å vere noko lågare.

Styringsparameter verksemdsmål 1.2

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2009	2010	2011	
Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekivalent per år (KD)	51,3	48,4	49,6	50
Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	15,4	15,2	15,6	15
Gjennomføring etter avtalte utdanningsplanar (KD)	91,9	91,1	91,1	92
Studiepoengproduksjon for høgskolen totalt (HiB)	5111	4990	5359	5100

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 1.2:

- Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekivalent per år: Høgskolen har jamt høg studiepoengproduksjon, og nådde målsettinga for denne styringsparameteren for 2011.
- Talet på studentar per undervisning-, forskings- og formidlingsstilling: Høgskolen har auka opptakstala utan at lærarstaben har auka tilsvarande. Målet vart derfor ikkje nådd.
- Gjennomføring etter avtalte utdanningsplanar: Høgskolen har stabilt høge tal på denne parameteren.
- Studiepoengproduksjon for høgskolen totalt: Studiepoengproduksjonen ved høgskolen er høg, og i 2011 var resultatet på denne parameteren enda høgare enn målsettinga.

Verksemdsmål 1.3

Universitet og høgskolar skal ha eit omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Delmål 1.3.1

Høgskolen skal i løpet av 2011 ha styrka samarbeidet med dei internasjonale hovudsamarbeidspartnarane.

Måloppnåing:

- Høgskolen har frå 2011 prorektor for utdanning og viserektor for forskning, som begge har ansvaret for å styrke internasjonalisering-arbeidet, med kopling av forskning og utdanning. Tilsvarande har avdelingane no ein prodekan for utdanning og ein prodekan for forskning.
- Arbeidsgruppa som skal utarbeide handlingsplan for internasjonalisering vart sett ned i desember 2011, og vil setje meir trykk på dette arbeidet.
- Reiser til nokre av dei viktigaste partnarane er gjennomført – med leiarar og tilsette både på sentralt, avdelings- og instituttnivå.
- Prosessen med å peike ut og utvikle samarbeidet med hovudsamarbeidspartnarar tek lang tid.
- Det er i gang eit arbeid med å identifisere nye hovudsamarbeidsinstitusjonar. M.a. var rektor, høgskoledirektør og dekan ved AI på institusjonsbesøk ved eit av dei beste teknologiske universiteta i Russland med tanke på institusjonsavtale.

Delmål 1.3.2

Alle fag- og studieplanar må integrere internasjonaliseringsaspektet for å styrke kvalitet og relevans gjennom «internasjonalisering heime».

Måloppnåing:

- Utdanningsutvalet har dette som tema for oppfølging.
- «Internasjonalisering heime» er eit kjent fokus i mange av utdanningane, og det internasjonale perspektivet skal sikrast gjennom fagplanane. Mange av utdanningane har ein komponent som undervisast på engelsk, der det også er utanlandske studentar.
- Hausten 2011 vart det etablert ei arbeidsgruppe i UH-nett Vest som har «internasjonalisering heime» som tema.
- Høgskolen har fortsatt ein veg å gå for å skape systematikk og auke medvitet om «internasjonalisering heime».

Delmål 1.3.3

Høgskolen skal ha ein auke i tilbodet til internasjonale studentar.

Måloppnåing:

- Medan høgskolen i studieåret 2010/2011 tilbød 40 enkeltstående kurs på engelsk, var tilbodet i 2011/2012 på 46 slike kurs. To av desse var mastergradar og to var frittstående kurs som ikkje nødvendigvis inngår i ein bachelorgrad.
- Dette var første gong høgskolen kunne tilby heile mastergradar på engelsk.

Styringsparameter verksemdsmål 1.3

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål
	2009	2010	2011	2011
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande) (KD)	197/68	245/76	227/73	250/85
Talet på framandspråklege utdanningstilbod (KD) ¹	33	32	29,0	38
Talet på studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgradar/ Joint Degrees) (KD)	0	0	0	0
Utreisande tilsette innan Erasmus og Nordplus (HiB)	63	50	46	65

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 1.3:

- Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande): Talet på utvekslingsstudentar gjekk litt ned i 2011, men søknadstala for 2012 viser at talet igjen kjem til å auke. Høgskolen nådde ikkje måлтаlet for utreisande studentar fordi ein del studentar som hadde søkt om å få reise på utveksling trekte seg.
- Talet på framandspråklege utdanningstilbod: Det var eigentleg ein auke i talet på framandspråklege studietilbod frå 2010 til 2011 (sjå fotnote). Også talet på studiepoeng det vart tilbode undervisning på engelsk i auka.
- Talet på studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgradar/Joint Degrees): Høgskolen har ikkje utdanningsamarbeid som er av ein slik art at dei per i dag kan utviklast til fellesgradar.
- Utreisande tilsette innan Erasmus og Nordplus: Vi ser at mange tilsette som reiser med Erasmus- og Nordplus-stipend gjer dette regelmessig og som del av eit etablert samarbeid, kor lærarutveksling er ein planlagt aktivitet.

¹ I 2010 hadde høgskolen eigentleg 40 utdanningstilbod/emne som vart undervist på engelsk, og for 2011 er talet eigentleg 46, men ein del av desse tilboda har ikkje vorte registrert på ein slik måte at dei kjem fram i DBH-tala.

Kvalitative vurderingar – sektormål 1

Strategi for utvikling av fagporteføljen og fagleg profil, mellom anna kva vurderingar høgskolen gjer når det gjeld breidde versus djupn, omsynet til små og utsette fag, etc.

I Strategisk plan for Høgskolen i Bergen 2011-2015 står det om høgskolen sin faglege profil: *Utdanning og forskning ved høgskulen skal dekkja kunnskapsbehov i samfunnet, og hjelpe til å møte både lokale og globale utfordringar knytt til mellom anna klima, energi, velferd, fattigdom, utdanning og demografiske endringar.* Strategisk plan slår også fast at høgskolen skal prioritere etablering av master- og doktorgradsprogram i den vidare utviklinga av studieporteføljen, og at doktorgradsprogramma skal byggje på grunn- og masterutdanningane.

Høgskolen følgde denne strategien også i 2011: det vart ikkje oppretta nye studietilbod på bachelornivå, medan høgskolen hausten 2011 lyste ut to nye mastergradsutdanningar: master i klinisk sjukepleie (som byggjer på tre av vidareutdanningane ved Avdeling for helse- og sosialfag) og master i barne- og ungdomslitteratur (som kan rekruttere studentar frå fleire av utdanningane ved Avdeling for lærarutdanning). I tillegg kunne høgskolen tilby ei ny fordjuping innan masterutdanninga i undervisningsvitenskap (pedagogikk). I løpet av året akkrediterte NOKUT to mastergradar ved Høgskolen i Bergen: master i klinisk sjukepleie og master i innovasjon og entreprenørskap (samarbeidsmaster med Universitetet i Oslo). Høgskolen sendte også inn ein søknad om akkreditering av master i samfunnsfagdidaktikk i 2011, og denne vart godkjent våren 2012.

Høgskolen satsar framleis på å utvikle felles utdanningstilbod med andre norske og utanlandske utdanningsinstitusjonar, noko spesielt Avdeling for ingeniørutdanning har arbeidd med dei siste åra for å byggje opp ein fagportefølje på Master i teknologifag/sivilingeniørutdanning.

Det er også ein strategi for høgskolen å arbeide for at eksisterande vidareutdanningar skal kunne inngå i masterutdanningar. Dette er særleg aktuelt i helse- og sosialfaga, og er eit svar på ynskje både frå arbeidslivet og frå studentane.

Vurdering av internt system for kvalitetssikring og utgreiing for korleis dette vert brukt strategisk og vidareutvikla

I juni 2011 godkjende NOKUT Høgskolen i Bergen sitt system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda. I rapporten om systemet gav det sakkyndige utvalet høgskolen ei rekkje tilrådingar om kva område høgskolen bør prioritere å arbeide med framover.

Høgskolen har gått nøye gjennom konklusjonane i rapporten. I styremøtet i november 2011 vedtok høgskolestyret ein eigen handlingsplan for oppfølging av NOKUT-evalueringa av kvalitetssikringssystemet for utdanningsverksemda. Hovudpunkta i handlingsplanen er:

- Utarbeide kravspesifikasjon for å melde frå om avvik innan utdanningsverksemda
- Etablere eit system for å melde frå om avvik innan utdanningsverksemda
- Realisere planane om ei relevansundersøking
- Forbetre eksisterande element i kvalitetssikringssystemet
- Revidere opplegget for gjennomføringa av studenttilfredsheitsundersøkinga

Eit av tiltaka i handlingsplanen er allereie gjennomført, ettersom Læringsmiljøutvalet (LMU) har teke over ansvaret for å vidareutvikle, gjennomføre og følgje opp høgskolen si studenttilfredsheitsundersøking. Tidlegare var det Utdanningsutvalet som hadde dette ansvaret. Høgskolen meiner endringa kan gjere LMU til ein meir aktiv aktør i arbeidet for å sikre studentane eit godt læringsmiljø, noko som er eit viktig element i arbeidet med å utvikle god utdanningskvalitet.

Oppfølging av NOKUT sine avslutta evalueringar, revideringar og akkrediteringar og forankring av kvalitetssikringssystemet i fagmiljøa

Dei vitskapeleg tilsette ved høgskolen nyttar regelmessig den delen av kvalitetssikringssystemet som er knytt til studentane si evaluering av utdanning, ettersom dei må sjå til at studentane gjennomfører undervegs- og sluttevalueringar. Kvalitetssikringssystemet for utdanningsverksemda fekk dessutan ekstra merksemd i 2011 på grunn av oppfølginga av NOKUT sine merknadar til dette (sjå punktet over).

Hausten 2011 vedtok Utdanningsutvalet å invitere dei lokale studiekvalitetsutvala til eit fellesmøte 23. januar 2012. Hensikta med møtet var å forankre iverksetjinga av tiltak i planen for oppfølging av NOKUT-evalueringa og få ein god dialog mot det lokale studiekvalitetsarbeidet.

Læringsmiljøutvalet (LMU) vedtok hausten 2011 å ha møta sine ute på dei ulike avdelingane, og kombinere desse med ei omvising på studiestadene. Målet er at LMU skal få informasjon om status for læringsmiljøarbeidet ved studiestadene på høgskolen. Samtidig vil LMU verte meir synleg ute i organisasjonen. Høgskolen meiner dette er eit enkelt tiltak for å betre kommunikasjonen mellom det sentrale rådgevingande Læringsmiljøutvalet og det lokale arbeidet med læringsmiljøet.

HiB har gjennomført Kandidatundersøkelsen 2011. Studentparlamentet, Utdanningsutvalet (UU), Studiekvalitetsutvala, prodekanar for utdanning, instituttleiarar/programansvarlege og den sentrale leiinga vart inviterte til presentasjonar av resultatane.

NOKUT evaluerte allmennlærerutdanninga ved HiB i 2006, og høgskolen har sidan rapportert på oppfølginga av evalueringa kvart år. Det er no seks år sidan denne evalueringa, og allmennlærerutdanninga er i ferd med å verte fasa ut, etter at grunnskolelærerutdanninga kom i 2010. Høgskolen meiner derfor det ikkje lenger er hensiktsmessig å rapportere på oppfølginga av evalueringa av allmennlærerutdanninga.

NOKUT evaluerte ingeniørutdanningane i 2008, og høgskolen har rapportert på oppfølginga av evalueringa kvart år sidan. Dei tilrådde tiltaka etter evalueringa er no i all hovudsak gjennomførde, og oppfølgingsplanen avslutta. Høgskolen har eit kontinuerleg fokus på å oppretthalde utdanningskvaliteten i tråd med NOKUT sine tilrådingar.

Sjå også eigne vedlegg om oppfølging av evalueringa av førskolelærerutdanninga og av tilbakemeldingane etter akkrediteringane av master i innovasjon og entreprenørskap og master i klinisk sjukepleie.

Strategi for arbeidet med internasjonalisering og korleis dette bidreg til utviklinga av den faglege verksemda og kvalitet i utdanningane

Strategisk plan for 2005-2010 legg opp til at internasjonalisering skal vere ein integrert del av all verksemd ved høgskolen. Punkt i strategisk plan knytt til internasjonalisering og utdanning er:

- *utvikla felles utdanningstilbod, til dømes fellesgradar, i samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar, nasjonalt og internasjonalt*
- *søkje samarbeid med gode utdannings- og forskingsinstitusjonar både i Noreg og i utlandet for å styrkja kvaliteten og relevansen på utdanningane*
- *auka omfanget av og kvaliteten på internasjonalisering av utdanning, også slik at studentar som ikkje reiser på utveksling får eit internasjonalt perspektiv i utdanninga*
- *auka talet på utvekslingsstudentar, og oppnå balanse mellom inn- og utreisande studentar*

Hausten 2011 styrka høgskolen den faglege leiinga ved at rektoratet vart utvida med ein person, slik at det no er ein prorektor for utdanning og ein viserektor for forskning. Sameleis vart dekanata på avdelingane utvida, slik at alle avdelingane har ein prorektor for utdanning og ein prorektor for forskning. Det er ei målsetting at desse skal ta eit særskilt ansvar for internasjonalisering innan høvesvis utdanning og forskning, og at dei skal bidra til å skape ein samanheng mellom internasjonaliseringsarbeidet innan desse to områda.

Våren 2011 utarbeidde ei arbeidsgruppe ein statusrapport for internasjonaliseringsarbeidet ved høgskolen. Rapporten tek utgangspunkt i Strategisk plan, og viser på kva område høgskolen har sine styrkar og svakheiter i høve til å oppnå måla i planen, og kjem med ei rekkje innspel til kva som kan inngå i ein handlingsplan. Arbeidsgruppa som skal utarbeide ny handlingsplan for internasjonalisering, med utgangspunkt i Strategisk plan, vart sett ned i desember 2011, og tek sikte på å ferdigstille arbeidet innan mai 2012.

Arbeidet med universell utforming og auka tilgjengelegheit for studentar med nedsett funksjonshemming

Høgskolen i Bergen har ein eigen handlingsplan for funksjonshemma studentar, vedteken av Læringsmiljøutvalet (LMU) i februar 2008. I handlingsplanen vert det slått fast at studiemiljøet skal leggast til rette for studentar med funksjonshemmingar, med vekt på universelle løysingar. Planen listar opp ei rekkje tiltak for tilrettelegging for studentar med funksjonshemmingar. Det er kontaktpersonar på kvar avdeling som er ansvarlege for tilrettelegging. Høgskolen har sørgt for fysisk tilrettelegging/universell utforming i alle sine bygg så langt det er råd.

LMU byrja i 2011 på ein runde med å vitje alle studiestadane etter tur. I denne runden vil LMU også sjekke graden av universell utforming og tilgjengelegheit.

Det er no to år til høgskolen skal samlokaliseras i nye lokale på Kronstad. Desse lokala skal tilfredsstillе alle krav til universell utforming. I denne situasjonen er det ikkje naturleg å bruke ressursar på større endringar i den noverande bygningsmassen.

Nettredaksjonen ved høgskolen har vore bevisst på at nettsidene skal vere oversiktlege og lette å lese. Som fleire år tidlegare vart høgskolen sine nettsider i 2011 kåra til den beste offentlege nettstaden av alle universitet og høgskolar i kvalitetsmålingane til Difi. Høgskolen fekk 27 av 28 moglege poeng for tilgjengelegheit, og 26 av 30 poeng for brukartilpassing.

Arbeidet med læringsmiljø, mellom anna samarbeidet mellom læringsmiljøutvalet og styret, og korleis dette byggjer opp under sektormål 1

Hausten 2011 fekk Læringsmiljøutvalet (LMU) ved høgskolen ny leiar og nye medlemmer, men samansetnaden er den same som tidlegare, noko som inneber at leiarane av dei avdelingsvise studiekvalitetsutvala er medlemmer av LMU. På avdelingane har studiekvalitetsutvala læringsmiljøet som ein del av mandatet sitt. Læringsmiljøspørsmål vert også tekne opp i møte mellom dekanane og studentråda ved avdelingane.

Hausten 2011 vedtok LMU å ha møta sine på studiestadane, slik at utvalet i løpet av eit år kan besøke alle dei fem hovudstudiestadane. I samband med møta får utvalet ei omvising på studiestaden, der dei ser på spesialrom, sosialsoner osb. I tillegg møter utvalet representantar for studentane og for vitenskapleg og administrativt personale.

Læringsmiljøprisen vart i 2011 delt mellom ei administrativ gruppe ved Avdeling for ingeniørutdanning (AI) og ei gruppe ved Institutt for data og realfag. Begge gruppene har fokus på studentar i 1. klasse på studieprogram med høgt fråfall og strykprosent ved AI, og arbeider målretta for å oppnå ei målsetting om auka oppmelding og frammøte til eksamen, og redusert strykprosent i dei aktuelle studieprogramma.

Som nemnt i innleiinga tok høgskolen tak i fadderarrangementa ved studiestart. Festing og bruk av alkohol vart tona godt ned. Det vart bestemt at dei arrangementa som var i regi av høgskolen ikkje skulle ha alkoholserving, og at det fagleg/sosiale skulle stå i fokus. Tilbakemeldingane frå både studentar og andre tyder på at dette var svært vellukka.

Rapporten etter NOKUT-evalueringa av høgskolen sitt system for kvalitetssikring av utdanning peikte på at studenttilfredsheitsundersøkinga vil vere ein naturleg oppgåve for LMU. Dette inngår i handlingsplanen for oppfølging av evalueringa. Høgskolen har i ettertid vorte kontakta av Universell ved NTNU med ein førespurnad om høgskolen vil delta på ei felles undersøking av læringsmiljøet. LMU byrja arbeidet med å vurdere dette hausten 2011, med plan om å konkludere innan utgangen av januar 2012. I utgangspunktet er LMU positiv til det skisserte opplegget. Dersom høgskolen likevel vel å ikkje delta på dette, vil det vere aktuelt å gjere endringar på høgskolen sitt eige opplegg for studenttilfredsheitsundersøkingar. Høgskolen planlegg å gjennomføre ei slik undersøking våren 2013, og ei ny undersøking ei tid etter samlokaliseringa på Kronstad.

Høgskolestyret får ein årleg rapport om kva saker læringsmiljøutvalet har hatt oppe, og får referat frå alle LMU-møta. Det er styret som vedtek tildeling av læringsmiljøprisen etter framlegg frå LMU.

Arbeidet med utdanningsleiing på alle nivå for å sikre kvalitet i utdanninga

Ny periode for åremålstilsette leiarar ved Høgskolen i Bergen byrja i august 2011. Hausten 2011 tilbød høgskolen dei nye leiarane ei opplæringspakke i generelle tema. Det er laga ei skisse til eit vidare leiarutviklingsprogram, og som ein del av dette vil høgskolen i 2012 lansere ein modul knytt til fagleg leiing/utdanningsleiing.

Sektormål 2

Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Innleiing

I 2011 utvikla og vedtok høgskolen ny Strategi for forskning, utvikling og nyskaping (FoU/N) 2011-2015. Strategien byggjer på resultat og vedtak som var gjort i åremålsperioden 2007-2011, og skal vere vegvisar for perioden 2011-2015. Det nye rektoratet som trådde inn hausten 2011 har samarbeidd med det tidlegare rektoratet om utvikling av strategien.

Med grunnlag i strtegien har høgskolen utvikla forskingsatsingane sine vidare, både gjennom dei avdelingsvise strategiske forskingsprogramma som vart etablerte i perioden 2008-2009, og gjennom nye satsingar på tvers av avdelingane. Avdelingane har arbeidd vidare med konseptutvikling for dei tre identifiserte doktorgradsområda. Etersom Kunnskapsdepartementet i 2011 skjerpa krava til både professorkompetanse og stipendiatportefølje for etablering av nye doktorgradsprogram i høgskolesektoren, vil høgskolen bruke noko lengre tid enn planlagt på å etablere eigne program. For å sikre ei forskingsbasert utdanning ser både høgskolen og fagmiljøa det som viktig at professorane våre underviser på alle utdanningsnivå, også i dei grunnleggjande bachelorutdanningane. Dette gjer at høgskolen satsar på å etablere ei sterk og brei professorkompetanse innan doktorgradsområda.

I 2010 deltok høgskolen for første gong i den internasjonale evalueringa av norsk helsefagleg forskning, leia av Noregs forskingsråd. Senter for Kunnskapsbasert praksis, som utgjer kjernemiljøet i det eine doktorgradsområdet, fekk ved tilbakemeldinga i 2011 ein av dei beste evalueringane som vart gjeve innan helsefagleg forskning med vekt på sjukepleie og fysioterapi. Høgskolen vart råda til å fortsetje utviklinga av dette fagmiljøet.

Høgskolen etablerte dessutan ei ny tverrfagleg forskingsatsing innan omsorgsteknologi. Satsinga er forankra i helsefag, med bidrag frå forskingsmiljø innan IKT og innovasjon.

Dei strategiske satsingsområda er styrkte med sentrale strategiske midlar og stipendiatstillingar. I 2011 vart det avsett over 10 millionar i strategiske midlar, inkludert reserve til nye stipendiatstillingar og eigenandelar i eksternt finansierte prosjekt. Det vart dessutan avsett midlar frå likestillingsprisen til professorkvalifisering av kvinner, professor II og postdocstipend til det underrepresenterte kjønn innan satsingsområda.

Ved utgangen av året hadde høgskolen tilsett, eller under tilsetjing, i alt 27 basisfinansierte stipendiatstillingar – 7 fleire enn det departementet har gitt øyremerkt finansiering til. I tillegg har høgskolen 4 NFR-finansierte stipendiatar. For å sikre progresjon hjå stipendiatane har høgskolen vidareutvikla forskarutdanningsplattforma gjennom etablering av kurs i ph.d.-rettleiing for alle rettleiarar i høgskolen.

Høgskolen har arbeidd målbevisst med å innhente eksterne forskingsmidlar, både frå Norges forskingsråd, Regionale forskingsfond og andre kjelder. Her har vi nådd måltala våre. Særleg har høgskolen hatt god utteljing i forskingsmidlar frå Helse Vest. Vi har dessutan samarbeidd med UiB om informasjonsseminar om EUs rammeprogram for forskning, og vi håpar at dette vil gje utteljing i EU-midlar i framtida. Fagmiljøa engasjerer seg elles i aukande grad i nettverk retta mot utdannings- og innovasjonsprogramma til EU, noko som over tid også vil stimulere til deltaking i rammeprogrammet for forskning.

Satsinga på forskning dei siste åra har også medført aukande publisering. Høgskolen lukkast med å nå publiseringsmålet i 2011, med særleg god vekst innan helse- og omsorgsfaga.

Verksemdsmål 2.1

Universitet og høgskolar skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet elles.

Delmål 2.1.1

Høgskolen skal i løpet av 2011 ha implementert handlingsplanen for forskarskoleplattforma som vart utvikla i 2010.

Måloppnåing:

- Handlingsplanen vart delvis gjennomført i 2011, men nokre punkt står att.
- Utlysings- og tilsetjingsprosess er vidareutvikla m.o.t. kvalitetssikring.
- Retningsliner for pliktarbeid for stipendiatar tilsett ved høgskolen vart utarbeidde og vedtekne.
- Det er halde regelmessige stipendiatseminar på avdelingsnivå.
- Stipendiatane vart representerte i det sentrale FoU-utvalet.
- Tilretteleggingsarbeidet for kurs i forskarrettleggning vart gjennomført med oppstart februar 2012.

Delmål 2.1.2

Høgskolen skal i løpet av 2011 i) ha fått tilsett minst 6 eksternt finansierte stipendiatar; ii) ha minst 6 fleire stipendiatar tilsett på basisfinansiering enn det departementet har gitt øyremerka løyving til.

Måloppnåing:

- 5 eksternt finansierte stipendiatar var tilsette ved HiB i 2011. I tillegg hadde 3 personar stipend med delvis ekstern finansiering. Høgskolen har dessutan fått tildelt 3 stipendiatar med formell tilsetjing i Helse Vest (jf. reglane i Samarbeidsorganet).
- 7 fleire stipendiatar er tilsett på basisfinansiering enn det departementet har gitt øyremerka løyving til.

Styringsparameter verksemdsmål 2.1

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2009	2010	2011	
Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar, per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	0,018 (8 stk)	0,025 (11 stk)	0,007 (3 stk)	0,013 (6 stk.)
Delen uteksaminerte doktorgradskandidatar av personar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)	0,8 (5 av 6)	0,8 (5 av 6)	0,5 (3 av 6)	0,7 (4 av 6)

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 2.1:

- Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar, per undervisnings, forskings-, og formidlingsstilling: Når høgskolen ikkje nådde målet om 6 uteksaminerte doktorgradsstipendiatar i 2011 kom dette av årsaker som ikkje var moglege å sjå forut i 2011.
- Delen uteksaminerte doktorgradskandidatar av personar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare: Høgskolen nådde ikkje målet om 4 uteksaminerte doktorgradskandidatar

på denne parameteren grunna omsorgspermisjonar og andre årsaker som ikkje let seg sjå forut.

Verksemdsmål 2.2

Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskolane innrette sin forskingsinnsats slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

Delmål 2.2.1

Høgskolen skal i løpet av 2011 ha utvikla konseptane for dei tre identifiserte områda for profesjonsretta doktorgradsprogram, og ha sendt søknad til NOKUT om godkjenning av eit av desse.

Måloppnåing:

- På bakgrunn av skjerpa krav til professorkompetanse og auka krav til stipendiatar vart det ikkje sendt søknad om godkjenning av doktorgradsprogram til NOKUT i 2011.
- Det vart arbeidd vidare med konseptutviklinga for dei tre identifiserte områda med tanke på å kartleggje rekrutteringsbehovet for professorar. Høgskolen har her også lagt til rette for professorkvalifiseringsstipend med strategiske midlar.

Delmål 2.2.2

Høgskolen skal i løpet av 2011 identifisere eit fjerde område for søknad om profesjonsretta doktorgradsprogram.

Måloppnåing:

- Sett i lys av nye kompetansekrav vurderte høgskolen å prioritere utviklinga av dei tre identifiserte doktorgradsområda i 2011. Identifiseringa av eit fjerde område er utsett.

Delmål 2.2.3

Vitskapleg publisering, målt i publikasjonspoeng, skal auke med 10 % samanlikna med 2010.

Måloppnåing:

- Det vert vist til tabellen under. Talet på vitskapelege publikasjonar har auka med meir enn 10 %. Kva dette gir i publikasjonspoeng er ikkje kjent på rapporteringstidspunktet.

Delmål 2.2.4

Totale midlar frå Noregs forskingsråd skal auke med minst 20 % samanlikna med 2010.

Måloppnåing:

- Målet er nådd inkludert midlane frå Regionale forskingsfond.

Delmål 2.2.5

Høgskolen skal sende søknad om hovudprosjekt til Regionalt forskingsfond.

Måloppnåing:

- Høgskolen sendte fleire søknader til Regionalt forskingsfond Vestlandet, som vist under Kvalitative vurderingar.
- Senter for omsorgsforskning fekk tildelingar på både forprosjekt og hovudprosjekt i Regionalt forskingsfond i 2011. Avdeling for ingeniørutdanning fekk også tildeling i forprosjekt dei var partner i.

Delmål 2.2.6

Høgskolen skal delta i minst to søknadar til EU sitt Sjuande rammeprogram for forskning.

Måloppnåing:

- Høgskolen deltok ikkje på søknadar til det sjuande rammeprogrammet i 2011.

Styringsparameter verksemdsmål 2.2

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2009	2010	2011	
Talet på publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD) ²	0,24	0,15		
Tildelingar frå Forskningsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	19,05	16,82	(21,45)	20
Tildelingar frå EU per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	0	0	0	0

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 2.2:

- Tildelingar frå Forskningsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling: Høgskolen har arbeidd målbevisst for å auke inntektene frå Noregs forskingsråd. Målet vart nådd.
- Tildelingar frå EU per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling: Høgskolen lukkast ikkje med å sende EU-søknader i 2011, men har starta informasjons- og motiveringsarbeidet. Vi reknar med at dette vil gi utteljing på lengre sikt.

² Talet på publikasjonspoeng for 2011 er ikkje klart for denne rapporten, fordi rapporteringsfristen til Cristin for publikasjonar ikkje er før 1. april 2012. Rapporteringsfristen for 2010 var 1. april 2011, og det vart derfor ikkje sett noko måltal i årsplanen for 2011.

Kvalitative vurderingar – sektormål 2

Strategi for arbeidet med internasjonalisering i forskning og utviklingsarbeidet, og korleis dette bidreg til å heve kvaliteten i forskarutdanninga og forskingsverksemda

Høgskolen samarbeider med internasjonale forskingsmiljø innanfor alle dei strategiske forskingsprogramma. Høgskolens sentrale strategiske satsing på internasjonalisering av forskinga er retta mot desse programma og doktorgradsområda med øyremerkte midlar. Her har alle programma engasjert internasjonale kapasitetar til vitskapleg referansegruppe for utvikling av programma for å sikre at desse vert utvikla i tråd med internasjonal kunnskapsfront. Det vert målbevisst knytt kontakt og inngått avtalar med forskingsmiljø på alle kontinent, både på overordna nivå og gjennom spesifikt samarbeid i NFR-prosjekt. Dette er miljø som ligg i forskingsfronten innanfor satsingane våre; blant anna i Norden, Tyskland, Storbritannia, Kina, Brasil, Australia, USA og Canada. Her har fagleg tilsette forskingsopphald, som også inkluderer stipendiatar i doktorgradsområda. I 2011 har vi blant anna tilsett full professor i musikkpedagogikk frå USA, og kvinneleg professor II frå Tyskland som likestillingstiltak i programvareutvikling ved Avdeling for ingeniørutdanning. To av høgskolens forskingsleiarar deltek dessutan med sentrale midlar på utviklingsprogram i forskingsleiing med internasjonalt tilsnitt, organisert av Universitetet i Oslo.

I tillegg samarbeider vi med afrikanske land for oppbygging av kvalitet og kapasitet innanfor NOMA-programmet.

Arbeidet med å utvikle og konsentrere FoU-innsatsen og utvikle fagmiljø av høg kvalitet

Høgskolen har dei tre siste åra konsentrert FoU-innsatsen inn mot fire strategiske forskingsprogram som legg grunnlaget for utvikling av dei tre første doktorgradsområda forankra i kvar si avdeling. Høgskolen rettar både professorkvalifiseringsstipend, stipendiatstillingar og driftsmidlar inn mot desse områda. Dette er omtala innleiingsvis til sektormål 2.

Tiltak for å auke gjennomstrøyminga i forskarutdanninga og status for rekruttering på ulike fagområde

Det var planlagt eit kurs i forskarrettlegg for rettleiarane ved høgskolen. All førebuing, samt påmelding, vart gjennomført, men kursavvikling måtte utsetjast til februar-mai 2012.

Forskarutdanningsplattforma, som omfattar retningsliner og rutinar for oppfølging av stipendiatar i doktorgradsløp, vart vidare utvikla og oppdatert i 2011. For å skape like tilhøve for stipendiatane vedtok dessutan høgskolen i 2011 særskilte retningsliner for organisering av pliktarbeidet til stipendiatane. Høgskolen har fleire utanlandske stipendiatar, og alle retningslinene er derfor også gjort tilgjengelege på engelsk.

I samband med oppdateringa av Forskarutdanningsplattforma har høgskolen innført rutinar som inneber rask oppfølging av nyttilsette stipendiatar med omsyn til utarbeiding av søknad om opptak til PhD-program og i opptaksprosessen mot doktorgradsinstitusjonen. Avdelingane følgjer også stipendiatane tettare opp undervegs. I tillegg har høgskolen fått på plass betre rutinar rundt tildeling av driftsmidlar til stipendiatar.

Det vart lyst ut seks stipendiatstillingar i 2011, og to av desse var eksternt finansierte. Det vart tilsette til saman 10 stipendiatar – nokre av desse stillingane vart lyste ut i 2010. Alle som vart tilsett som stipendiatar i 2011 var tilknytt fagområde som er relevante for doktorgradsområda og strategiske forskingsprogram.

Høgskolens arbeid mot og utteljing i regionale forskingsfond

Hordaland fylkeskommune og det regionale forskingsfondet heldt eit møte i januar 2011 med temaet samråd for handlingsplan og utlysinga i 2011. Høgskolen sendte i etterkant av møtet eit skriftleg innspel til det regionale forskingsfondet.

Høgskolen sendte søknad om både forprosjekt og hovudprosjekt i omsorgsteknologi til Regionalt forskingsfond Vestlandet i 2011. Begge vart tildelte. Senter for omsorgsforskning fekk tildelt 2.176.800 kr til hovudprosjektet om erfaringar med innføring av omsorgsteknologi i kommunesektoren. Høgskolen i Bergen har også fått tildelt eit forprosjekt i Regionalt forskingsfond region Midt-Noreg som samarbeidspartnar for Høgskolen i Ålesund i 2011. Dessutan sendte vi søknad om hovudprosjekt saman med UiB.

Sektormål 3

Universitet og høgskolar skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og bidra til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultat. Universitet og høgskolar skal òg legge til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Innleiing

Høgskolen legg vekt på at den kunnskapen som vert generert skal kome samfunnet til nytte. Høgskolen driv i stor grad praksisretta forskning med vekt på å generere ein kunnskapsbasert praksis. For å spreie forskingsresultata er høgskolen i tett inngrep med dei sektorane vi utdannar for. Høgskolen inkluderer relevant samfunns- og næringsliv aktivt i forskingsarbeidet. Det er etablert råd for sentera med representantar frå samfunns- og næringsliv som skal sikre dette. Dei enkelte forskingsprosjekta har også gjerne eigne brukargrupper, eller er innretta mot praksis slik at aktørane i praksis deltek i forskingsarbeidet. I 2011 gav dessutan høgskolen ut fleire brukarretta tematiske publikasjonar i eigen tidskriftserie, *Høgskolen i Bergens skriftserie*.

For å bidra til allmennretta formidling deltek høgskolen aktivt i Vilvite, på *Forskningsdagene* og på forskning.no. Dessutan stimulerer vi forskarar til å formidle forskinga si i aviser og tidsskrift. Høgskolen samarbeider her med Business Region Bergen og Bergen næringsråd. Arbeidet med open publisering vart dessutan intensivert i 2011. Dette er omtala nedanfor.

I 2011 har høgskolen arbeidd med å opprette Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA). Ein handlingsplan for eksternt samarbeid er under utvikling, og vil verte forankra i RSA. Sentera ved høgskolen vil ha ei sentral rolle i planen, ettersom dei utgjør viktige kontaktflater mot samfunns- og næringslivet.

Høgskolen deltek aktivt i den regionale utviklinga, med vekt på innovasjon, nyskaping og implementering av ein kunnskapsbasert praksis både innan skolesektoren, helse- og omsorgssektoren og næringslivet. Høgskolen deltek i klyngeutvikling både innan subsektoren gjennom eigarskapet i NCE Subsea Drift AS og medlemskapen i NCE Subsea-klynga, og gjennom Bergen Helseklynge. I Bergen Helseklynge er det særleg satsinga i omsorgsteknologi som har stått i fokus frå høgskolens side. Her er det etablert samarbeidsgruppe med Helse Bergen, Bergen og Lindås kommunar, Husbanken, og privat næringsliv.

Den totale bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten er aukande. Høgskolen legg her til rette for sentral rettleiing i søknadar med sentral budsjettering, kontraktfesting og rekneskap. Sentral-administrasjonen samarbeider tett med avdelingane og fagmiljøa for å leggje til rette for etablering av kontraktar og samarbeidsavtalar på institusjons- og avdelingsnivå om forskning og utvikling, tilrettelagte grunnutdanningar, og etter- og vidareutdanningar både nasjonalt og internasjonalt.

Høgskolen intensiverte også arbeidet med kommersialisering av eigne forskingsresultat og entreprenørskap i 2011. Dette er omtala nedanfor.

Verksemndsmål 3.1

Universitet og høyskolar skal gjennom formidling og deltaking i offentlig debatt tilføre samfunnet resultatene frå forskning og utviklingsarbeid.

Delmål 3.1.1

Omfanget av brukar- og allmennretta FoU-formidling skal auke med 5 % samanlikna med 2010.

Måloppnåing:

- Det totale omfanget av registrert formidlingsaktivitet minka i 2011 i forhold til 2010. Dette kan delvis tilskrivas at delar av formidlingsaktiviteten har dreia over mot vitenskapleg publisering, noko som krev større innsats av dei vitenskapleg tilsette, både med omsyn til formidling og registrering. Etter innføring av *Cristin* er det dessutan lagt stor vekt på kvalitetssikring av vitenskapleg produksjon, og dermed mindre vekt på registrering av anna formidlingsaktivitet enn tidlegare.

Styringsparameter verksemndsmål 3.1

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2009	2010	2011	
Total registrering av publisering samt brukar- og allmennretta formidling i <i>Cristin</i> (HiB)	846	973	889	1000

Vurdering av styringsparameter verksemndsmål 3.1:

- Total registrering av publisering samt brukar- og allmennretta formidling i *Cristin*: Sjå omtale under 3.1.1.

Verksemdsmål 3.2

Universitet og høgskolar skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

Delmål 3.2.1

Høgskolen skal setje i verk ny handlingsplan for samhandling med samfunns- og næringsliv.

Måloppnåing:

- Samansetnad og mandat for Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) vart vedteke av høgskolestyret.
- Prosessen med å utarbeide ein ny handlingsplan er starta opp. Planen skal drøftast med rådet.

Delmål 3.2.2

Høgskolen skal ha eit aktivt eigarskap i Bergen Vitensenter as og i NCE Subsea drift as, for å sikre god integrering med kjerneverksemda til høgskolen.

Måloppnåing:

- Høgskolen er representert i styret ved Bergen Vitensenter som ein av eigarane. Høgskolen motiverer også fagmiljøa til å bruke VilVite aktivt. I 2011 vart Vilvite nytta mellom anna til profilering av kjemi-året.
- Høgskolen eig NCE Subsea Drift as 100 %, og innehar styreleiar. Selskapet fasiliterer NCE Subsea-klynga i Bergensregionen, der høgskolen også deltek som aktiv partner og sit i styret for klynga. Høgskolen rapporterer årleg til både Kunnskapsdepartementet og Riksrevisjonen om eigarskapet og korleis dei sektorpolistiske måla er oppnådde.

Delmål 3.2.3

Høgskolen skal etablere nye rutinar og retningslinjer for innhenting av kommersialiserbare idéar frå forskings- og utviklingsaktiviteten.

Måloppnåing:

- Retningslinjer for implementering av høgskolens policy for intellektuelle rettar (Intellectual Property Rights – IPR) vart vedteke våren 2011. Senter for nyskaping er etablert som mottakssentral for vurdering av kommersialiserbare idéar. Senteret skal samarbeide med Bergen Teknologioverføring om dei idéane som skal utviklast i høgskolens regi.

Delmål 3.2.4

Høgskolen skal arbeide for å oppnå fullfinansiering av mettingsdykkar-utdanninga frå KD og næringslivet.

Måloppnåing:

- Ein godt kvalitetssikra kalkyle for sluttfinansiering føreligg, men finansieringsproblemet er uløyst.

Styringsparameter verksemdsmål 3.2

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål
	2009	2010	2011	2011
Delen oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i høve til samla driftsinntekter (KD)	8,1 %	6,9 %	4,8 %	6,5 %
Talet på nyoppretta selskap (KD)	0	0	0	1
Talet på forretningsidear (KD)	0	1	14	3

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 3.2:

- Delen oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i høve til samla driftsinntekter: Samla driftsinntekter har auka frå 692.046 i 2010 til 844.852 i 2011. Samtidig har inntektene på oppdragsfinansiert aktivitet auka frå 24,7 mill. i 2010 til 27,9 i 2011. Annan bidragsfinansiert aktivitet er redusert frå 22 mill i 2010 til 12,8 mill i 2011. Reduksjonen på vel 10 mill skuldast at betalingskurs ikkje lenger er definert som bidragsfinansiert aktivitet men blir kategorisert som salsinntekt. I 2011 har salsinntektene auka til 21,2 millionar kroner, mot 11,4 i 2010. Med andre ord er denne aktiviteten like stor i 2011 som i 2010, men den har bytta kategori slik at den ikkje lenger vert rekna inn i samla bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.
- Talet på nyoppretta selskap og talet på forretningsidear: Hovudaktiviteten til høgskolen innan entreprenørskap er retta inn mot utvikling av nye bedrifter gjennom Nyskapingsparken Inkubator. Her oppnådde høgskolen ein god auke i 2011.

Verksemdsmål 3.3

Fag- og forskingssentera ved høgskolen skal vere ein regional og nasjonal drivkraft innanfor sine fagområde. Sentera skal kunne bidra med sin eigen kompetanse på tvers av avdelingane (HIB sitt eige verksemdsmål).

Delmål 3.3.1

Høgskolen skal vidareutvikle sentera som synlege fag- og forskingssenter i både eit lokalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv.

Måloppnåing:

- Høgskolen har i 2011 vidareutvikla sentera som både forskings- og utdanningscenter. I samband med ny åremålsperiode vart leiarstillingane for 3 av 4 senter lyst ut. Det vart tilsett ny leiar med professorkompetanse ved Senter for nyskaping. Ny leiar for Senter for kunst, kultur og kommunikasjon er under tilsetjing.
- Styret vedtok i 2011 oppretting av nye råd for sentera, med representasjon både frå relevante sektorar i samfunns- og næringsliv, frå akademia samt tilsette og studentar. Råda er tenkt å bidra til at sentera utviklar seg vidare i tråd med både samfunnsbehova og forskingsfronten for å sikre forskingsbaserte utdanningar og ei kunnskapsbasert utvikling av profesjonsfaga.
- Senter for kunnskapsbasert praksis vart i 2011 evaluert til å vere eit av dei beste norske forskingsmiljøa innan sjukepleie og fysioterapi. Senter for kunnskapsbasert praksis utgjer plattformar for utvikling av doktorgradsprogram i helsefag saman med Senter for omsorgsforskning. Senter for omsorgsforskning fekk i 2011 vidareført finansiering fram til juli 2015. Høgskolen legg til rette for at desse sentera skal utvikle seg i samarbeid med helse- og omsorgssektoren – i tett samarbeid både med spesialisthelsetenesta og dei primære helse- og omsorgstenestene.
- Senter for utdanningsforskning og Senter for kunst, kultur og kommunikasjon utgjer plattformer for utvikling av doktorgradsprogrammet innan lærarutdanning. Høgskolen retta i 2011 mykje merksemd mot desse sentera både m.o.t. utvikling av doktorgradsprogram og for rettleiing inn mot utlysingane i PRAKUT og Utdanning 2020.
- Sentera fekk i 2011 tildelt strategiske midlar både til leing og til drift av forskingssatsingane. Senter for Nyskaping og Senter for kunnskapsbasert praksis har fått tilsett nye førsteamanuensar for å styrke forskingssatsingane.

Kvalitative vurderingar – sektormål 3

Arbeidet med stimulering og tilrettelegging for innovasjon og entreprenørskap

Høgskolen har innovasjon og entreprenørskap som eige satsingsområde gjennom Senter for Nyskaping, der høgskolen i 2011 fekk tilsett full professor i økonomisk geografi. Professoren er frå hausten 2011 også blitt leiar for senteret. Høgskolen legg til rette for at senteret skal utvikle både forskingsportefølje og utdanningsportefølje innan innovasjon og entreprenørskap. Høgskolen har lagt til rette for eigne førsteamanuensisstillingar innan kvart av desse områda. Stipendiat skal utlysast i 2012.

Avdeling for ingeniørutdanning, med Institutt for økonomi og administrasjon og Senter for nyskaping, fekk i 2011 godkjenning for mastergrad i Teknologileiing og entreprenørskap saman med Universitetet i Oslo. Høgskolen legg dessutan vekt på entreprenørskap i all utdanning.

Høgskolen fekk innvilga søknad til SIVA om vidareføring og nytt konsept for Nyskapingsparken Inkubator for perioden 2012-2016. Her deltek ei rekkje lokale partnarar: BTO, NHH, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Gjennom Senter for Nyskaping er dessutan høgskolen ein sentral aktør i NCE Subsea og i det Regionale VRI-programmet. Høgskolen er representert i styret i begge satsingane.

Arbeidet med å utvikle retningslinjer for immaterielle rettar og forbetre handtering av slike rettar

Policy for immaterielle rettar vart vedteken i 2010. Retningslinjer for implementering vart vedtekne i mai 2011. Høgskolen sentralt har i samarbeid med Senter for nyskaping arbeidd aktivt med å implementere desse retningslinjene hausten 2011. Det vert vist til omtale av dette under delmål 3.2.3. Arbeidet fortset i 2012.

Høgskolens tilrettelegging for god tilgjengelegheit av forskingsresultat, mellom annan Open Access, og annan fagleg aktivitet for allmenta og samfunnet

Høgskolen arbeidde i 2011 med å innarbeide rutinar for at alle forskarane ved institusjonen skal leggje inn all forskingsproduksjon i CRISTIN.

Høgskolen har eit opent arkiv – Bergen Open Research Archive (BORA) HiB. I denne databasen ligg foreløpig i hovudsak masteroppgåver og ein del rapportar som ikkje er publiserte, samt anna forskingsproduksjon av forskjellig art. Dette kan vere både tidlegare publisert og ikkje publisert materiale.

I august 2011 tilsette høgskolen forskingsbibliotekar i omgjord stilling, og hausten 2011 byrja planleggingsarbeidet for å gjere meir forskingsarbeid tilgjengeleg gjennom BORA, og auke medvitet omkring open tilgjengeleggjing i organisasjonen. Eit ledd i arbeidet med å gjere forskingsarbeidet meir tilgjengeleg er å betre informasjonsflyten mellom forskjellige system, som for eksempel innleveringsportalar og det opne institusjonelle arkivet.

Biblioteket ved høgskolen er med i samarbeidsprosjektet Information Management for Knowledge Creation (INMA), kor fem institusjonar i Noreg og Danmark deltek. Hovudmålet med prosjektet er å lage ei webbasert løysing for PhD-studentar. Dette skal vere opent tilgjengelege modular som skal hjelpe denne gruppa i forskingsprosessen. Eksempel på modular som vil vere med er opphavsrett, bibliometri, open access og H-indeks. Prosjektet er no i fase 2, og ei teknisk løysing er under planlegging.

Arbeidet med å auke bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Høgskolen dreiv i 2011 med aktiv rettleiingsaktivitet inn mot avdelingane for å betre kvaliteten på søknadar om ekstern finansiering.

Fleirtalet av oppdraga høgskolen får gjeld kurs, men ein del gjeld også utviklingsoppgåver. Den eksternt finansierte forskingsporteføljen er aukande, og høgskolen er bevisst på å kople dei eksternt finansierte forskings- og utdanningsaktivitetane der dette er mogleg, særleg gjennom sentera.

Høgskolen deltok på fleire anbodskonkurransar i 2011, og Mediesenteret vann fleire av dei konkurransane dei deltok i. Deltaking i desse konkurransane har bidrege til auka samarbeid på tvers av avdelingane. I 2011 arbeidde høgskolen også med å konsentrerte aktiviteten innan oppdragsverksemda inn mot eksisterande kundar, og selje inn fleire aktivitetar til desse.

Dei viktigaste oppdragsprosjekta høgskolen hadde i 2011 var:

- Avdeling for helse- og sosialfag avslutta ei vidareutdanning i Barnevern for Bergen kommune i 2011. Vidareutdanninga skal også gå i 2012. Vidareutdanninga i Organisering og rettleiing for støttekontaktar, avlastarar og frivillige er ei stor vidareutdanning som har gått i ei årrekkje med støtte frå Helsedirektoratet.
- Den største oppdragsgjeveren til Avdeling for ingeniørutdanning, Addisco, utvida samarbeidet med HiB til også å gjelde fagområdet LEAN. Bachelorutdanninga i elektrofag, som før har gått som eit oppdrag for BKK, vart i 2011 vidareført i regi av REN (bransjeorganisasjon) til fleire bedrifter i regionen.
- Avdeling for lærarutdanning har dei siste åra hatt ein del oppdrag for Hordaland fylkeskommune. I 2011 var oppdraget m.a. tilpassa opplæring. Fylkesmannen i Hordaland har også støtta prosjektet Barnehagen som læringsmiljø og danningsarena. Dette er ei vidareutvikling av SHP-prosjektet Barnehagen som danningsarena.
- Mediesenteret var i 2011, som åra før, involvert i oppdrag for Norsk digital læringsarena, som finansierer utvikling av digitale læringsressursar til vidaregåande skole.

Sektormål 4

Universitet og høgskolar skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget vert best mogleg ivareteke innanfor ramma av disponible ressursar.

Innleiing

2011 var eit organisatorisk krevjande år for høgskolen. Ny åremålsperiode byrja i august 2011, og i forkant av dette gjennomførte høgskolen val av nytt rektorat og omkring 20 tilsettingsprosessar. I same periode støtته det pågåande omstillingsarbeidet på ein del utfordringar. Prosjektleiaren for administrasjonsprosjektet «Saman til Kronstad» slutta i stillinga, og samtidig vart det tydeleg at omstillingsarbeidet ikkje hadde god nok forankring i organisasjonen. Hausten 2011 vart det gjort ein del endringar i organiseringa av prosjektet for å klargjere roller og ansvar og leggje til rette for betre framdrift. Ein endra òg namn på prosjektet til «Samlokaliseringsprosjektet», med to delprosjekt, respektive Organisasjonsprosjektet og Byggprosjektet. Dette arbeidet gjekk føre seg samtidig som mange av leiarane i organisasjonen var nye. Høgskolen brukte også mykje ressursar på leiarutvikling hausten 2011.

Hausten 2011 byrja den nye prosjektdirektøren for byggrelaterte prosjekt i stillinga ved høgskolen, og dette bidrog til auka merksemd om arbeidet med relokaliseringsprosessane ved høgskolen. Etersom høgskolen ikkje kan forvente å oppføre eit tilleggsbygg på Kronstad innan flyttinga sommaren 2014 har høgskolen arbeidd med å finne tilleggsareal i dei lokala høgskolen disponerer i dag. I desember vedtok styret kva lokale som bør ha prioritet. Høgskolen held fortsatt fast på at det endelege målet må vere at alle tilsette og studentar ved høgskolen i framtida skal ha sin arbeids- og studieplass på Kronstad.

Vårsemesteret 2011 vedtok styret at det var behov for å oppføre eit tilleggsbygg på nordtomta (A1) på Kronstad, for å ta unna for den veksten høgskolen hadde hatt sidan forprosjekteringa. Det vart utarbeidd funksjons- og romanalyse og det vart vedteken å tilrå oppføring av eit undervisnings- og kontorbygg på om lag 11.500 m². Tilbakemeldingar frå KD tyder på at dette kan liggje eit stykke fram i tid.

Omstillingsprosessar knytt til relokalisering, bygg- og organisasjonsendringar er og vil vere ressurskrevjande for høgskolen, og bidreg i nokon grad til å skape forseinkingar i andre delar av verksemda. Slike prosessar skaper også eit stort behov for informasjon blant dei tilsette, og ein viss frustrasjon dersom informasjonen ikkje kjem ut raskt nok. I 2011 valde høgskolen derfor å knytte ei eiga stilling for informasjonsarbeid til omstillingsarbeidet.

Den økonomiske situasjonen til høgskolen er god. Høgskolen har klart å byggje opp ein reserve i tråd med den vedtekne strategien. I 2011 har det vore ei positiv utvikling på fleire økonomiske nøkkeltal og høg omsetnad og overskot på den eksterne verksemda. Høgskolen har god kontroll på lønsutgiftene, som ikkje er stigande. For vidare informasjon om rekneskapen visast det til årsrekneskapen for 2011 med kommentarar frå leiinga.

Verksemdsmål 4.1

Universitet og høgskolar skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Delmål 4.1.1

Høgskolen skal intensivere arbeidet med omstilling, og vidareføre og setje i verk delprosjekta knytt til vedtekne milepælar i prosjektet «Analyse, reorganisering og omstilling ved Høgskolen i Bergen».

Måloppnåing:

- Det vart lagt ned mykje arbeid i omstillingsarbeidet i 2011.
- Det har oppstått forseinkingar på fleire område, mellom anna fordi prosjektleiar for det eine delprosjektet forlèt stillinga og ny prosjektorganisasjon først vart vedteken i november.
- Prosjektstrukturen vart dessutan reorganisert mot slutten av året.
- Prosjektleder for byggprosessane vart tilsett og byrja i jobben i oktober 2011. Høgskolen arbeider no meir systematisk med samlokalisering, organisasjons- og campusutvikling.

Delmål 4.1.2

Høgskolen skal gjennomføre Fase 2 i omstillingsprosjektet "Saman til Kronstad".

Måloppnåing:

- Ikkje gjennomført, på grunn av at prosjektleiaren slutta i stillinga, og at forslaget til omorganisering av prosjektstrukturen først vart vedteken av styret i november 2011.
- Personalseksjonen gjennomførte ein pilot med kartlegging av tilsettingsprosessar i høgskolen og identifisering av forbedringsområde ved hjelp av LEAN-metoden.

Delmål 4.1.3

Høgskolen skal sikre rekruttering av leiarar fram mot ny åremålsperiode frå august 2011.

Måloppnåing:

- Det vart tilsett i alle åremålsstillingar i 2011, med unntak av leiar for Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon og programansvarleg for GLU 5-10.

Delmål 4.1.4

Høgskolen skal utvikle nybygget optimalt, og sikre grunnlag for ekspansjon for høgskolen i Kronstadområdet.

Måloppnåing:

- Ny prosjektleder for byggprosessane byrja ved høgskolen hausten 2011, og har teke aktivt del i vidareutvikling av samarbeidet med Statsbygg og i arbeidet med avlastingsareal.
- Det er gjennomført simuleringar som viser kva kapasitet nybygget har, i forhold til studietilboda våre.
- Høgskolen har utvikla ein analyse for plassbehovet utover kapasiteten til nybygget på Kronstad. Styret har vedteken oppføring av tilleggsbygg på A1-tomta. Dette forslaget er sendt KD.

Styringsparameter verksemdsmål 4.1

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2009	2010	2011	
Driftsutgifter per avlagt heiltidsekvivalent (KD)	132	138	135	135
Driftsutgifter per publikasjonspoeng (KD) ³	6.268	10.232		
Forholdet mellom talet på tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger og talet på tilsette i administrative stillingar (KD)	2,87	2,87	2,99	2,8

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 4.1:

- Driftsutgifter per avlagt heiltidsekvivalent: Målet vart oppnådd.
- Forholdet mellom talet på tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger og talet på tilsette i administrative stillingar: Dette forholdstalet har auka fordi talet på tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger har auka, medan talet på administrativt tilsette har vore stabilt. Auken i talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger heng saman med at talet på studentar og studietilbod har auka dei siste åra, medan talet på tilsette i slike stillingar var stabilt i åra før 2011. Høgskolen i Bergen har fortsatt relativt få administrativt tilsette i forhold til tilsette i vitenskaplege stillingar.

³ Styringsparameteren "Driftsutgifter per publikasjonspoeng" gjekk ut i årsplanen for 2011, fordi rapporteringstala ikkje var klare ved rapporteringstidspunktet. Årsaka var at fristen for rapportering av publikasjonar for 2010 vart satt til 1. april 2011 på grunn av innføringa av Cristin. Høgskolen sette derfor ikkje noko måltal for denne parameteren for 2011. Rapporteringstalet på publiseringspoeng for 2011 vil ikkje vere klare før etter 1. april 2012, som er rapporteringsfristen til Cristin for 2011.

Verksemdsmål 4.2

Universitet og høgskolar skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Delmål 4.2.1

Høgskolen skal utarbeide ein ny handlingsplan for HMS, gjeldande for perioden 2011-2015, med fire fokusområde knytt til psykososialt arbeidsmiljø, miljøleing, omstilling/nybygg og arbeidsmiljø med særleg høg risiko.

Måloppnåing:

- Arbeidet med handlingsplanen er godt i gang, men ikkje avslutta.

Delmål 4.2.2

Høgskolen skal utarbeide ein handlingsplan for likestilling og mangfald.

Måloppnåing:

- Styret vedtok ny handlingsplan for likestilling og mangfald i desember 2011.

Delmål 4.2.3

Høgskolen skal lage ein rekrutteringsstrategi, i samsvar med behov for fagleg kvalitetsutvikling.

Måloppnåing:

- Dette arbeidet er ikkje kome i gang, fordi den framtidige studieporteføljen må vere klar først.

Delmål 4.2.4

Talet på tilsette med doktorgrad skal auke i 2011, særleg innan fagområde som skal utviklast til doktorgradsutdanningar.

Måloppnåing:

- Høgskolen klarte ikkje å auke talet på tilsette med doktorgrad i 2011, men mange stipendiatar er tilsette, og professorstillingar er lyste ut, slik at målet vil verte nådd i åra som kjem.

Delmål 4.2.5

Talet på professorar skal auke i 2011, og særleg talet på kvinnelege professorar.

Måloppnåing:

- Talet på professorar auka frå 14,8 i 2010 til 15,9 i 2011 (DBH).
- Delen kvinnelege professorar minka frå 29,1 % per 1. oktober 2010 til 20,1 % per 1. oktober 2011. Dette kjem av at ein kvinneleg professor slutta, medan ingen ny kvinneleg professor vart tilsett i perioden. Mot slutten av 2011, etter rapporteringsfristen til DBH, fekk to kvinnelege tilsette opprykk til professor.

Styringsparameter verksemdsmål 4.2 (1)

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2009	2010	2011	
Delen førstestillingar av totalt tal på undervisnings-, forskar- og formidlingsstilling (KD)	35,5 %	41,0 %	40 %	43 %

Styringsparameter verksemdsmål 4.2 (2)

Delen kvinner etter stillingskategori (KD)	Resultat			Resultatmål 2011
	2009	2010	2011	
Høgskolelektor	63,8 %	61,8 %	64,0 %	60 %
Førstelektor	63,9 %	64,0 %	65,6 %	60 %
Førsteamanuensis	48,0 %	51,5 %	52,4 %	55 %
Professor	31,0 %	29,1 %	20,1 %	35 %
Alle stillingar	59,7 %	58,7 %	59,6 %	57 %

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 4.2:

- Delen førstestillingar av totalt tal på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar: I 2011 auka talet på undervisningsstillingar, og da spesielt høgskolelektorar, meir enn talet på forskarstillingar, slik at høgskolen ikkje nådde målet om ein auke i delen førstestillingar.
- Delen kvinner etter stillingskategori: Ein kvinneleg professor gjekk av med pensjon i 2011, og ingen ny kvinneleg professor vart tilsett før rapporteringa til DBH per oktober 2011. Det vart tilsett ein del nye høgskolelektorar (sjå punktet over) i 2011, og fleirtalet av desse var kvinner.

Verksemdsmål 4.3

**Universitet og høgskolar skal ivareta høg kvalitet i økonomi-
forvaltninga. God intern kontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast
omsyn til i dei strategiske prioriteringane ved institusjonen.**

Delmål 4.3.1

I løpet av 2011 skal dei strategiske avsettingane auke, og dei skal utgjere 7 % av total budsjetttramme.

Måloppnåing:

- Dette målet er oppnådd, da styret vedtok å setje av 7 % av budsjettet til strategiske føremål i januar 2011.
- Det har vore jamlege møter ved avdelingane om disponering av bevilling.
- Høgskolen har hatt eit særskilt fokus på budsjettutviklinga på AL. Situasjonen er framleis stram, men på rett veg ved årsslutt.

Delmål 4.3.2

Høgskolen sine samla utgifter til løn, i forhold til samla driftsutgifter, skal ikkje auke i 2011.

Måloppnåing:

- Lønskostnadane ved høgskolen i høve til totalforbruket auka ikkje i 2011 samanlikna med 2010.
- Høgskolen bruker ein mindre del av dei samla driftsutgiftene til løn enn samanliknbare institusjonar.

Delmål 4.3.3

Høgskolen skal ikkje få vesentlege merknadar frå Riksrevisjonen knytt til økonomiforvaltninga.

Måloppnåing:

- Rekneskapen for 2010 vart godkjend av Riksrevisjonen utan vesentlege merknadar.
- Høgskolen har kontinuerleg fokus på kvalitetssikring/internkontroll, og har auka kompetansen og ressursar innan rekneskapsområdet (høgare tryggleik).

Delmål 4.3.4

Høgskolen skal ha som mål å etterleve og utnytte moglegheitene i regelverket for offentlege innkjøp for å oppnå best mogleg resultat i innkjøpsarbeidet.

Måloppnåing:

- Eit innkjøpssamarbeid med andre utdanningsinstitusjonar i Bergen vart etablert i 2011 (SAK-prosjekt).
- Ei ledig innkjøpsstilling vart lyst to gonger. Det var ikkje tilsett i stillinga ved utgangen av året.
- Høgskolen har skaffa og delvis teke i bruk eit nytt elektronisk bestillingssystem, som skal sikre auka kvalitet og kontroll i innkjøpsprosessane.

Styringsparameter verksemdsmål 4.3

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2009	2010	2011	
Likviditetsgrad (omløpsmiddel/ kortsiktig gjeld) (KD)	1,3	1,33	1,79⁴	1,4
Avregningar (gjennomføringa av budsjettet i rekneskapsåret) (KD)	3.345	1.101	-40.079⁵	-11.000
Resultat frå oppdragsverksemd (i tusen kr) (HiB)	5.067	3.936	6.149	4.000

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 4.2:

- Den økonomiske stillinga til høgskolen vart monaleg styrka i 2011. Som ein ser av styringsparameterane/nøkkeltala over, er likviditeten vesentleg betra og høgskolen har hatt ein solid auke i avsettingsnivået. Høgskolens rekneskapsresultat for 2011, som er det same som resultatet/overskotet frå oppdragsverksemda, viser også ei markant betring samanlikna med resultatet frå 2010. For andre kommentarar til rekneskapen for 2011 visast det til rekneskapsavlegget for 2011.

⁴ Talet som er brukt i DBH for denne parameteren er 2,48. Dette talet inkluderer utstyrsmidlane til nytt høgskolebygg, og her vel vi å korrigere for denne, fordi å inkludere den gjev eit misvisande bilete av den økonomiske situasjonen til høgskolen.

⁵ Talet som er brukt i DBH for denne parameteren er -117.023, på grunn av at utstyrsmidlane er inkludert – sjå fotnoten over.

Verksemdsmål 4.4

Universitet og høgskolar skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og til at oppgåver og ansvar vert fordelte og løyste gjennom samarbeid.

Delmål 4.4.1

Høgskolen skal avklare og konsolidere framtidig samarbeid på institusjonelt og fagleg nivå med andre institusjonar (SAK-prosessar).

Måloppnåing:

- Høgskolen avklarte og konsoliderte i 2011 samarbeidet med fleire partnerar.
- Samarbeidet om grunnskolelærerutdanninga på Vestlandet vart konsolidert gjennom arbeidet med storseksjonane og med fagleg samarbeid om enkeltfag på tvers av høgskolane.
- Nye samarbeidsprosjekt med UiB om forskning vart etablerte.
- AI konsoliderte samarbeid om mastergradar: Fellesgrad med UiO i innovasjon og entreprenørskap vart akkreditert; UiBs styre vedtok oppretting av master i energi, som er i samarbeid med HiB; høgskolen fekk midlar frå m.a. Fylkeskommunen til å greie ut master i arealplanlegging og eigedomsfag i samarbeid med fleire andre institusjonar; andre etablerte mastersamarbeid vart vidareutvikla.

Delmål 4.4.2

Høgskolen skal vidareutvikle samarbeid med andre norske utdanningsinstitusjonar med tanke på utvikling av nye fellesgradar.

Måloppnåing:

- AI har samarbeid med andre institusjonar om fellesgradar for masterprogram. To av desse er godkjende av NOKUT og fleire er under utvikling.

Styringsparameter verksemdsmål 4.4

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2009	2010	2011	
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar (fellesgradar) (KD)	1	2	4	4

Vurdering av styringsparameter verksemdsmål 4.4:

- Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar (fellesgradar): Høgskolen har nådd målet for denne styringsparameteren på grunn av mastersamarbeid ved Avdeling for ingeniørutdanning – sjå sektormål 1.

Kvalitative vurderingar – sektormål 4

Underbygging av faglege ambisjonar innan forskning og utdanning gjennom strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering

Høgskolen i Bergen har dei siste åra arbeidd strategisk og systematisk for å underbyggje faglege ambisjonar innan forskning og utdanning. Det er eit overordna mål for høgskolen å byggje tilstrekkeleg kompetanse til å kunne oppnå status som universitet i løpet av dei neste ti åra. Samtidig stiller arbeidslivet auka krav til kompetanse, og studentane etterspør i aukande grad tilbod om masterutdanning. På denne bakgrunnen har høgskolen brukt mykje ressursar på å byggje opp forskingskompetanse og -miljø.

I løpet av 2011 oppretta høgskolen fleire nye stipendiatstillingar, og alle som vart tilsette som stipendiatar i 2011 var tilknytt fagområde som er relevante for doktorgradsområda og strategiske forskingsprogram – sjå sektormål 2. Høgskolen søker også å motivere tilsette til å kvalifisere seg til førstestillingar og professorstillingar, og sette av eigne midlar til dette.

Bibliotekdirektør vart tilsett i mai 2011 for å sikre utvikling av biblioteket som eit moderne fag- og forskingsbibliotek. Stillinga er etablert for å byggje opp under dei faglege ambisjonane til høgskolen innan forskning og utdanning.

Høgskolen heldt i 2011 fram med å auke avsetjingane for å betre det økonomiske handlingsrommet for å kunne utvikle institusjonen i tråd med dei strategiske målsettingane.

Personalpolitiske verkemiddel som bidreg til å realisere målet om eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv

Høgskolen i Bergen gjennomførte i løpet av 2011 ei rekkje kompetansetiltak:

- SIKT-prosjektet (Service, Informasjon, Kvalitet, Tilgjengelegheit): eit samarbeidsprosjekt med Universitetet i Bergen, og eit tilbod til tilsette som har arbeidsfelt knytt til informasjonsarbeid og kommunikasjonsknutepunkt
- Oppdatering i Microsoft-program, kurs/oppdatering i administrative databasesystem
- Kurs i engelsk munnleg og skriftleg, med eksamen og 10 studiepoeng
- Kurs i akademisk skriving
- Nynorsk kurs
- Kurs i høgskolepedagogikk
- Individuell kompetanseoppbygging for teknisk-administrativt personale etter søknad

For vitskapleg personale er forskarutdanningsplattforma eit viktig bidrag i kompetanseoppbygginga. Høgskolen legg også til rette for at tilsette utan doktorgrad skal oppnå førstelektorkompetanse og til at førsteamanuensar skal kunne oppnå professorkompetanse.

Som eit viktig HMS-tiltak motiverer høgskolen dei tilsette til trening gjennom rabatterte prisar ved ulike treningssenter, og tilbyr sjølv trening i yoga og pilates. Høgskolen gjev også dei tilsette tilbod om å trene i arbeidstida.

Kvart år arrangerer høgskolen ein arbeidsmiljødag. I 2011 var denne dagen 15. februar. Prosjektleiar Trine Samuelsen frå nærværsprosjektet i Bergen kommune fortalte om erfaringar frå IA-arbeid satt i system, og lege og professor Ingvar Wilhelmsen fortalte om korleis vi best kan takle press, stress og omstilling.

For omtale av verkemiddel for å bidra til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv, sjå vedlegg 7.

Høgskolens oppfølging av gjeldande regelverk for innkjøp og forvaltning av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Høgskolen i Bergen var i 2011 med på planlegginga av eit pilotprosjekt for innkjøpssamarbeid med Universitetet i Bergen, Kunsthøgskolen i Bergen og Noregs Handelshøgskole. Formålet med samarbeidet er å utnytte ressursane til innkjøp betre. Det vil verte oppretta ei prosjektstilling som skal vere ein støttefunksjon for alle dei fire institusjonane. Pilotprosjektet vart tildelt SAK-midlar i 2011.

Høgskolen deltok i 2011 på ein sjølvtest knytt til innkjøpsområdet, initiert av KD. I etterkant har høgskolen fått tilbakemelding som viser kva utfordringar vi har. Arbeidet med å følgje opp dette har starta.

Planlegginga av framtidige innkjøp til nybygget på Kronstad er utfordrande, og høgskolen brukte ein del ressursar på dette arbeidet i 2011.

I 2010 innførte høgskolen prosjektstyringsverktøyet Artemis, og i 2011 vart alle eksternt finansierte prosjekt lagt inn i dette verktøyet. For at det skal kunne fungere optimalt vart det gjennomført omfattande opplæring i bruk av Artemis i løpet av året. Artemis gjev høgskolen moglegheit til å betre oversikta og oppfølginga av eksterne prosjekt, i tråd med føringar frå KD og Riksrevisjonen.

Høgskolens oppfølging av internkontroll, ref. reglement for økonomistyring i staten § 14 – relatert både til system og kvalitetsrutinar

Ein sentral reiskap for å følgje opp internkontroll ved høgskolen er HiB sitt kvalitetssystem. Sentrale element i dette systemet er Kvalitetsmanifestet, rutineskildringar, etiske retningslinjer, risikosystem, strategisk plan og årsrapport og -plan. Systemet er framstilt i detalj på intranettsidene til høgskolen, som er tilgjengelege for alle tilsette.

Høgskolen har gode system for oppfølging av merknadar frå Riksrevisjonen. I 2011 svarte HiB tilfredsstillande på alle dei forholda Riksrevisjonen peikte på, knytt til løn, tidsregistrering og årsrekneskapen, og fekk ingen vesentlege merknadar.

I 2011 gjennomførte høgskolen ein sjølvtest om finansiell rapportering, initiert av KD. Høgskolen har ikkje motteke tilbakemelding på denne testen på rapporteringstidspunktet.

Høgskolens arbeid med å redusere midlertidighet i ordinære utdannings- og forskarstillingar

Høgskolen i Bergen har ikkje eit stort omfang på bruk av mellombels tilsette. I all hovudsak er dette utdanningsstillingar (stipendiat) og vikariat for personar som er i permisjon. Høgskolen har vurdert praksis for tildeling av permisjon, og har forsøkt å strame inn denne praksisen noko. I dag skal det stort sett berre gjevast permisjon når ein tilsett har lovfesta rett til dette. Denne innstraminga er gjennomført mellom anna for å redusere bruken av vikarar. Sentraladministrasjonen er også i dialog med avdelingane om målsettinga om å redusere bruken av mellombels tilsette til eit minimum.

Dei 10 viktigaste risikomomenta for Høgskolen i Bergen i 2011

Det kan vere ein risiko for at:

- **det er for få kvalifiserte søkjarar til grunnutdanningane i første opptaksrunde (delmål 1.1.2).**

Sannsyn redusert frå 3 til 2, konsekvens (5) uendra.

Det var gode søkartal til dei aller fleste grunnutdanningane. Nokre få vart lagt ut på Restetorget, og vart da fylte opp. Det verkar lite sannsynleg at høgskolen skal få låge søkartal til grunnutdanningane i nær framtid.

- **det er for få søkjarar til mastergradsstudia (delmål 1.1.3).**

Sannsyn (3) uendra, konsekvens redusert frå 5 til 4.

Høgskolen fekk tilstrekkeleg med søkarar til mastergradsstudia, med unntak av mastergraden i barne- og ungdomslitteratur (sjå sektormål 1). Det er såleis redusert risiko her.

- **doktorgradskandidatane ikkje får ei rettleiing ved sine gradsinstitusjonar som i tilstrekkeleg grad er retta inn mot høgskolen si strategiske utvikling av profesjonsfaga (delmål 2.2.1).**

Sannsyn (4) og konsekvens (4) uendra.

Så lenge ikkje høgskolen har eigne doktorgradsstudium vil stipendiatane si forskingstilnærming vere underlagt andre institusjonars forskingsprofil. Dette gjer at høgskolen ikkje får tilstrekkeleg kraft i si eiga profesjonsbaserte forskingstilnærming. Det kan også gi seg utslag i motsetnader i rettleiinga av stipendiatane. For å få tilfredstillande kompetanse i rettleiinga har høgskolen i ein del tilfelle vald utanlandsk gradsinstitusjon.

- **mettingsdykkarutdanninga medfører større økonomisk risiko for høgskolen enn forventa (delmål 3.2.4).**

Sannsyn auka frå 4 til 5, konsekvens (5) uendra.

Det er no klart at høgskolen manglar eit heller stort beløp for å kunne fullføre prosjektet. Samtidig vil det vere svært kostnadskrevjande å avvikle det. Kva som skjer vidare med prosjektet er uavklart på rapporteringstidspunktet, i påvente av ei avgjerd i Kunnskapsdepartementet.

- **intern kommunikasjon og informasjon ikkje fungerer godt nok (delmål 4.1.2).**

Sannsyn (3) og konsekvens (5) uendra.

Høgskolen har styrkt kommunikasjonsarbeidet ved å tilsetje i omgjort stilling som kommunikasjonsdirektør. I tillegg er det omdisponert ei stilling til informasjonsarbeid knytt til omstilling og samlokalisering. Resultatet av desse tiltaka bør vere at risikoen vert redusert i komande år.

- ***ein ikkje klarer å få god nok integrasjon mellom «Saman til Kronstad» og nybyggprosjektet (delmål 4.1.2).***

Sannsyn (3) og konsekvens (5) uendra.

Høgskolen har oppretta ein ny struktur for organiseringa av omstillingsarbeidet, med tydelegare ansvar, roller og rapporteringslinjer. Det er eit mål at denne omorganiseringa skal betre integrasjonen mellom dei ulike delprosjekta, slik at risikoen vert redusert.

- ***søkargrunnlaget er avgrensa (delmål 4.1.3).***

Sannsyn (4) og konsekvens (4) uendra.

Risikoen var knytt til rekruttering av leirarar til ny åremålsperiode, og viste seg å vere reell. Stillingane vart eksternt lyste, men i høve til talet på stillingar var det relativt få eksterne søkarar, og låg konkurranse om fleire av stillingane. Dei fleste stillingane vart fylte av interne søkarar, og i to av stillingane vart det ikkje gjennomført tilsetjing i første omgang.

- ***det er uklart kva som er handlingsramma for realisering av den resterande tomta (delmål 4.1.4).***

Sannsyn (3) uendra, konsekvens endra frå 5 til 4.

Styret har gjort vedtak om å oppføre eit avlastingsbygg på A1-tomta og å sende søknad til KD om dette. Foreløpig er det ikkje noko avklaring i denne saka. Risikoen er likevel noko redusert, jf. òg neste punkt.

- ***ein ikkje finn gode løysingar for alle tilsette og studentar i høve til manglande plass i nybygget (delmål 4.1.4).***

Sannsyn redusert frå 4 til 3 og konsekvens redusert frå 4 til 3.

Høgskolestyret vedtok i desember 2011 å forhandle fram ein avtale om mellombels avlastingsbygg for areal høgskolen leiger i dag.

- ***auka aktivitetskrav (ref. studieplassar) vil auke den totale lønsdelen ved høgskolen, og at mindre blir brukt på drift og investeringar (delmål 4.3.3).***

Sannsyn redusert til frå 4 til 3, konsekvens (4) uendra.

Høgskolen har halde noko igjen i forhold til tilsettingar, spesielt i forhold til teknisk-administrativt personale. Samtidig har inntektene auka, noko som også bidreg til at lønsdelen ikkje aukar.

Anna rapportering

Oppfølging etter etatsstyringsmøtet i 2011

Hovudutfordringar og moglegheiter:

- Strategiske prioriteringar med tanke på studentkapasitet og framtidig infrastruktur: Høgskolen har auka studentkapasiteten ved å auke talet på studieplassar innan eksisterande utdanningar. Høgskolen arbeider heile tida med å sikre balansen mellom grunn- utdanningane, masterutdanningane og doktorgradsutdanningane. Høgskolen arbeider også med å heve kompetansen blant dei tilsette, og slik auke potensialet for høgare kvalitet i utdanningane gjennom forskningsbasert undervisning.
- Høgskolen har også i 2011 halde fokus på tiltak for å betre økonomien. Høgskolen har no skapt eit grunnlag for å etablere eit større avsettingsnivå, og har gradvis vridd større delar av budsjettet over mot område som er strategisk viktige for høgskolen.

Institusjonens samfunnsrolle:

- KD peikte i si tilbakemelding frå etatsstyringsmøtet på at det er viktig at arbeidet for å verte universitet ikkje skal gå ut over sentrale oppgåver for høgskolen. Dette er noko høgskolen arbeider med kontinuerleg. Høgskolen har ansvar for å drive forskningsbaserte utdanningar, og den kompetanseoppbygginga høgskolen no satsar på vil bidra til å styrke dette arbeidet.
- Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) er under etablering – sjå under: *Strategi for samarbeid med arbeidslivet*.

Utdanningskvalitet og -kapasitet:

- I høve til arbeidet med utdanningsleiing på høgskolen vil vi trekkje fram den nye organiseringa med ein prorektor med spesielt ansvar for utdanning. Prorektor for utdanning har fått medspelarar på avdelingane gjennom at det der er tilsett prodekanar for utdanning. Sjå elles sektormål 4. Desse arbeider no saman om å vidareutvikle utdaningskvalitet og nye undervisningsformer.
- KD legg vekt på at høgskolen skal utvikle ei forskningsbasert, praksisnær og integrert ingeniørutdanning. Høgskolen har dei siste åra nytta strategiske midlar for å byggje opp FoU/N-aktiviteten på Avdeling for ingeniørutdanning, med ei målsetting om at minst 20 % av arbeidstida til dei vitenskapleg tilsette skal prioriterast til forskning. Avdelinga har gått inn i aktive samarbeid med andre institusjonar for å utvikle mastergradar (sjå sektormål 1), og har også nært samarbeid med TeknoVest og med næringslivet/industrien. Senter for nyskaping spelar ei stadig viktigare rolle på dette området, og har auka kompetansen med tilsetting i professor- og førstestillingar.
- Høgskolen har vedteke ein eigen handlingsplan for oppfølging av NOKUT-evalueringa av kvalitetssikringssystemet – sjå sektormål 1. I tillegg kjem styret si oppfølging av evalueringa av førskolelærerutdanninga (sjå vedlegg 5), jf. vedtak om å styrkje forskinga på dette området med eit professorat.

Institusjonens forskingsprofil og resultat:

- Høgskolen satsar strategisk for å auke talet på publiseringar og publikasjonspoeng, gjennom å auke tildeling av ressursar og tid til FoU, og gjennom å auke kompetansen til dei tilsette. Det vert også sett krav til publisering ved tildeling av FoU-tid. Sjå elles sektormål 2.
- Eit viktig grep høgskolen har teke for å knyte forskning og utdanning tettare saman er den nye rektorat- og dekanatstrukturen. Det er ei oppgåve for prorektor for utdanning og viserektor for forskning, og tilsvarande for prodekanar for utdanning og forskning, å arbeide for å finne løysingar for å knyte forskning og utdanning tettare saman. Også FoU-utvalet og Utdaningsutvalet har dette på agendaen.

Administrative forhold:

- Fokus på midlertidighet – sjå sektormål 4.

Oppfølging av NOKUT-evalueringar og akkrediteringar

Vi viser til kvalitative vurderingar under sektormål 1 og til vedlegga 5 og 6.

Samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK)

Høgskolen i Bergen si målsetting med å delta i SAK-prosessane er at desse skal byggje opp under institusjonen si overordna strategiske målsetting om å vidareutvikle institusjonen til eit regionalt forankra universitet, med basis i sentrale profesjonsutdanningar – lærarutdanning, helse- og sosialfagutdanningar og ingeniørutdanningar.

Høgskolen i Bergen deltek aktivt i ei rekkje SAK-prosessar både i regionen og elles, med sikte på å fremje forskning og utvikling, studiar og undervisning, primært tilpassa behov i regionen. I dette inngår eit utstrakt samarbeid med andre høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar, næringsliv, offentleg forvaltning og praksisfeltet, for å skape synergieffektar, fremje samarbeid og arbeidsdeling. I arbeidet med å realisere den overordna strategiske målsettinga er det avgjerande at høgskolen vidareutviklar kvalitet i forskingskompetansen inn mot utvalde sentrale område, både i samspel med andre institusjonar i regionen, dels utanfor regionen, og i samspel med eit regionalt næringsliv som står for ein stor del av verdiskapinga i Noreg.

HiB satsar på å byggje kvalitet gjennom vidareutvikling av forskingskompetansen til dei tilsette, så vel som gjennom målretta rekrutteringsarbeid for å tiltrekke seg forskingskompetanse gjennom nyrekruttering.

Høgskolen i Bergen sin ambisjon vil framleis vere å byggje eit regionalt forankra profesjonsuniversitet i Vestlandsregionen. Sonderingar i høve andre institusjonar på Vestlandet viser at tida ikkje er moden for fusjonar. For Høgskolen i Bergen vil egne interesser og egne ambisjonar vere styrande for dei SAK-relasjonane ein ønskjer å delta i.

Ny grunnskolelærarutdanning vart starta opp i 2010, og gjennom prosjektløyvingar (SAK-midlar) til aktuelle høgskolar innan **Region Vest**, beståande av HiB, HSH, HSF, HVO og NLA, har det vore mogleg for høgskolane å ta eit felles ansvar for tilbodet om ny grunnskolelærarutdanning innan regionen. Samarbeidet har halde fram ettersom disponeringa av SAK-midlar også har strekt seg inn i 2011, og det er tilsett ein prosjektleiar som koordinerer dei faglege aktivitetane. Det kan nemnast arbeidet med ein felles rekrutteringsstrategi i sektoren, slik at den enkelte student skal få eit breiast mogleg fagleg tilbod, inkludert valfag. Målet er at studentane skal kunne bevege seg på ein smidig måte mellom dei faglege tilboda ved dei ulike institusjonane etter faglege interesser og behov. HSF har hatt prosjektansvar for deltidsutdanning, der HSF, NLA og HiB saman tilbyr utdanning på Voss. HSH har prosjektansvaret for å utvikle ein felles digital infrastruktur som kan nyttast både til fagleg utvikling og til undervisningsføremål, mellom anna å gje campus-basert e-læring, dvs. at studentar frå ulike institusjonar deltek på same kurs utan å flytte frå heimeinstitusjonen. HiB har hatt sekretariatsansvaret for prosjekta samla, mellom anna for å styrkje fag og vidareutvikle faglege fellesskap i storseksjonar. I tillegg vil HiB ha hovudansvaret for å kunne oppretthalde eit breitt tilbod om kunstfag i lærarutdanninga. HiB har òg hatt sekretariatsansvaret for eit regionalt samarbeid om etter- og vidareutdanning.

Utviklinga av samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon innan grunnskolelærarutdanninga er krevjande, og det er enno eit stykke att før desse prosessane har gitt vesentlege synlege resultat.

Best resultat har ein på samarbeidsrelasjonar. Detaljplanlegginga av 4. året i grunnskolelærer-utdanninga pågår.

Samarbeid og arbeidsdeling om grunnskolelærerutdanning mellom høgskolane i Region Vest må sjåast i samanheng med samarbeidet om vidareutvikling av lærarutdanninga innanfor **UH-Nett Vest**, der også UiB er deltakar, men ikkje NLA. Dette samarbeidet omfattar primært forskingssamarbeid mellom to eller fleire av samarbeidspartnarane. Fleire av forskingsnettverka etablerte under UH-Nett Vest synest vellukka, men ein har enno ikkje oversikt over talet på forskingspublikasjonar som har kome ut av prosjektsamarbeidet så langt. Sameleis er det eit vellukka biblioteksamarbeid i UH-Nett Vest. Dette arbeidet held fram. I tillegg kjem eit SAK-prosjekt innan administrasjon der ein vil ha fokus på innkjøpsfunksjonar. UiB er prosjektleiar.

Det er etablert årlege forskingssymposium der problemstillingar, framdrift og resultat vert drøfta i høve til dei prosjekta som er etablerte. Oversikt over etablerte forskingsprosjekt kjem fram i ein eigen rapport frå UH-nett Vest.

I tillegg kjem prosjektet "Rektorskolen", som har vorte gjennomført med gode resultat. Rektorskolen er eit tilbod som skal sikre kompetanseoppbygginga for skoleeigarar i regionen, der pedagogiske leiarar utgjer målgruppa. HSH utarbeidde på vegne av UH-Nett Vest ein SAK-søknad for 2011 om felles digital infrastruktur til undervisningsføremål og fagleg utviklingsarbeid. Søknaden oppnådde ikkje støtte.

HiB er med i eit langvarig og utstrakt samarbeid innanfor teknologiområdet gjennom **TEKNO-Vest**. Dei faglege aktivitetane i Tekno-Vest er styrkte gjennom tildeling av prosjektmidlar frå UH-Nett Vest. Samarbeidet strekkjer seg frå Ålesund i nord til Stavanger i sør. Samarbeidet er kjenneteikna av eit nært samarbeid med næringslivet i regionen. HiB står for ein stor del av den samla utdanninga av ingeniørar i regionen. Men det er også eit stort behov i næringslivet for ingeniørar utdanna på eit høgare nivå.

Som ein del av den strategiske målsettinga om å verte universitet har HiB gjort vedtak om å utvikle **sivilingeniør/mastergrad i teknologi** på utvalde fagområde. Samarbeidsrelasjonane for å løfte denne ambisjonen strekkjer seg ut over regionen. Det er inngått **bilaterale avtalar** om spesifikke mastergradar, mellom anna med UiB (master i programvareutvikling – fellesgrad), NTNU (master i undervassteknologi) og fellesgrader med UiO (Master of Innovation and Entrepreneurship og Master i kommunikasjonssystem). Saman med UiB er det gjort vedtak om å opprette ein ny master i energiteknologi.

Gjennom langvarig nettverksamarbeid i **Musikk-nett Vest** vart det i 2011 etablert ein forskarskole innan musikk der HiB deltek. Høgskolen i Bergen har ei strategisk satsing på kunstfag som eit viktig kvalitetselement i lærarutdanninga. Høgskolen har frå tidlegare etablert eit masterstudium i musikkpedagogikk. Kandidatar frå denne utdanninga vil kunne arbeide vidare med doktorgrads-utdanning gjennom deltaking i forskarskolen. Så langt tyder satsinga på at forskarskolen er vellukka. Den faglege forankringa er ved UiB, medan deltakande institusjonar innan UH-nettVest er med på finansiering. Om forskarskolen vert oppretta som eit permanent tilbod er usikkert.

Høgskolen deltek i eit samarbeidsprosjekt i UH-Nett Vest som vurderer moglegheita for å etablere ein **forskarsskole innan helse- og sosialfag**. Høgskolen har sterke forskingsmiljø innan nokre av desse fagområda og vil derfor ut frå eigne strategiar vidareutvikle desse for å etablere ei doktorgrads-utdanning. Det er gjennomført eit forprosjekt med siktemål å forankre forskarskolen fagleg til UiB. Planane er førebels lagde på is ettersom ein ser at det først bør byggjast sterkare forskingskompetanse ved fleire av institusjonane

HiB har eit strategisk perspektiv på SAK-prosessane der siktemålet er å byggje kompetanse og kvalitet på prioriterte fagområde. Høgskolen legg i den samanheng ofte til grunn at det faglege samarbeidet også må inkludere praksisfeltet. Dette samarbeidet kan vere forankra i **bi- /trilaterale avtalar**, som til dømes med Helse Vest, Helse Bergen og Bergen kommune – og andre statlege og private høgskolar i regionen. HiB har etablerte spissmiljø innan omsorgsforskning og kunnskapsbasert praksis som spelar ei sentral rolle i kompetanseoverføringa mellom forskning og utvikling og praksisfeltet. Samarbeidet mellom alle desse miljøa var etablert før etableringa av UH-Nett Vest og har fanna breiare. Til dømes har dei private høgskolane vore med. Samarbeidet er vidareutvikla gjennom søknad om midlar til UH-Nett Vest, og nettverket har vorte styrkt gjennom tildeling av forskingsmidlar frå Helse-Vest. Men samarbeidet har til ein viss grad vorte hemma av at UH-Nett Vest ikkje har omfatta dei private høgskolane.

Høgskolen si satsing på omsorgsteknologi kan stå som døme på koplinga mellom utdanning, forskning, tilknytning til praksisfeltet, kunnskapsoverføring og innovasjon. Her integrerer ein utdanning, opplæring og kompetanseoppbygging i kommunane med følgjeforskning, knytt til både omsorgs- og teknologiutvikling, der også aktuelle deler av næringslivet vert inviterte med. Satsinga er eit godt døme på innovasjon knytt både til organisasjonsformer og kunnskapsutvikling/spreiing av ny kunnskap.

HiB har så langt etablerte masterstudiar i kunnskapsbasert praksis, samfunnsarbeid, klinisk fysioterapi og klinisk sjukepleie. Eit masterstudium innan eldreomsorg er under utvikling saman med institusjonar både innanfor og utanfor UH-nett Vest. Arbeidet er så langt ikkje fullført.

Regionalt er det naturleg at dei private diakonale høgskolane i Bergensområdet er med i dette arbeidet. Utviklinga av mastergraden vil dra nytte av samarbeid med Senter for omsorgsforskning Vest-Norge – eit senter som dei same institusjonane er partnarar i og som er lokalisert til HiB.

HiB har òg tatt initiativ til å etablere ei samarbeidsgruppe innan sosialfag, med representantar frå HVO, HSF, UiB og dels HSH. Det er utvikla eit nytt nettverk som ser ut til å kunne ha positive verknader både for utdanningsamarbeid og FoU.

Høgskolen er i tillegg involvert i fleire samarbeidsprosessar knytt til innovasjon og nyskaping. Dette er omtala under delmål 3.3.5 (Senter for nyskaping) og under *Arbeidet med stimulering og tilrettelegging for innovasjon og entreprenørskap*.

Rapportering på aktivitetskrav

Studium	60 studiepoengseiningar	aktivitetskrav	Vurdering
Sjukepleie heiltid	143	194	God måloppnåing
Sjukepleie deltid (opptak 2009)	47		
Fysioterapi	57	51	God måloppnåing
Ergoterapi	27	22	God måloppnåing
Radiografi	34	31	God måloppnåing
Bioingeniør	24	22	God måloppnåing
Vernepleie	73	58	Hadde opptak godt over målalet
Døvetolk	16	20	

Jordmor	32	40	Det møtte berre 35 ved studiestart
ABIO	51 (90 studiepoengs-einingar)	47	Opptak kvart 3. semester. Starta vår 2010 – høst 2011 og dividert på 90 sp.einingar.

Kvalitet i grunnskolelærerutdanninga

Rammeplangruppa som berekna kostnadene knytt til innføringa av den nye, differensierte grunnskolelærerutdanninga (GLU), slo fast at desse faglege forholda ville føre til auka kostnader knytt til innføringa av GLU:

- Styrka praksisorientering. Denne vil vere meir ressurskrevjande på grunn av auka koordinering, rettleiing og oppfølging for studentar som har praksis.
- Opplæring av praksislærarar. Alle praksislærarar skal ha minst 15 studiepoeng med vidareutdanning i rettleiingskompetanse.
- Studieinnsats. Skal utdanninga vere integrert, krev det meir tid til samarbeid mellom fag og faglærarar overfor studentane enn med den tidlegare allmennlærerutdanninga. Det er også nødvendig med auka oppfølging av studentane.
- Oppretthalde eit breitt fagtilbod. Med ei differensiering i to ulike løp vil det vere kostnadsdrivande å oppretthalde eit breitt fagtilbod.
- Styrka profesjonsretta forskning. Den nye grunnskolelærerutdanninga skal vere forskingsbasert, og det vert derfor viktig å kunne ha midlar til å drive profesjonsretta forskning.

På denne bakgrunnen har Høgskolen i Bergen, ved Avdeling for lærarutdanning, spesielt gripe fatt i det følgjande:

- Styrka praksisorientering. Det er fram til i dag oppretta 20 profesjonsrettlearar (10 for kvart trinn), som skal følgje opp studentane tettare og vere eit bindeledd mellom høgskolen og praksisskolane.
- Introduksjon av ein integreringsdag i veka medan studentane er i praksis.
- Oppretthalde eit breitt fagtilbod innanfor begge utdanningane (GLU 1-7 og 5-10). På grunn av HiB sin storleik og omfanget av studentar står vi som garantist for at regionen utdannar lærarar innanfor alle faga i skolen i begge utdanningane.
- Høgskolen vil seinast i 2013/14 gå i gang med ei større satsing på vidareutdanning for alle dei 400 praksislærarane som er tilknytt høgskolen, for å gje desse eit tilbod på minst 15 studiepoeng i rettleiarkompetanse. Når dette er gjennomført vil det igjen føre til auka praksisutgifter på grunn av auka refusjonskrav frå praksisfeltet.
- For å kunne sikre ei forskingsbasert utdanning ønskjer høgskolen å utvikle profesjonsforskninga og bruke vesentleg større midlar på dette.
- Høgskolen har planar om å kunne la alle faglærarar hospitere visse periodar i skoleverket.
- Høgskolen har lagt ned eit større arbeid for å halde oppe og styrke finansieringa av kunstfaga i den nye strukturen. Det er gjennomført konferansar der statsråden innleidde.

Strategi for samarbeid med arbeidslivet

Høgskolestyret vedtok i desember 2011 å opprette eit Råd for samarbeid med arbeidslivet, med mandat og samansetnad for rådet. Mandatet for rådet er som følgjer:

- *Rådet skal utvikle/vidareutvikle ein strategi for samarbeid mellom arbeidslivet og HiB med forankring i Strategisk plan ved HiB*
- *Rådet skal bidra til å vidareutvikle HiB som regional, nasjonal og internasjonal utviklingsaktør innan utdanning, forskning og nyskaping*
- *Rådet skal særleg gi råd og drøfte innspel innanfor område som:*

- styrkjer relasjonane mellom arbeidslivet og HiB
- vidareutviklar nettverk særleg i regionen, men òg nasjonalt og internasjonalt
- stettar rekrutterings- og kompetansebehov i regionen og i samfunnet elles
- styrkjer finansieringa av HiB gjennom ekstern finansiering og inntening.

Mandat og samansetjing av rådet kan endrast etter innspel frå rådet sjølv (RSA)/KD. Forslag om endringar frå rådet skal handsamast i høgskolestyret

Det skal gjennomførast minst to møte i året, og rådet vert oppnemnd for valperioden for rektoratet (fire år). Rådet kan gjenoppnemnast.

Det er planlagt eit første møte for RSA i mars månad 2012.

Høgskolen sin strategiske plan slår fast at *Høgskulen skal vera ein sentral samarbeidspartnar og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet. Høgskulen skal delta i samarbeidsprosjekt, kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging som kan gje menneske betre livsvilkår, regional, nasjonalt og internasjonalt.*

Bruk av studieplassar

Sjå vedlegg 2.

Rapportering på studentkapasitet

Sjå vedlegg 3.

Høgskolens planar for oppfølging av tildelte studieplassar

Sjå to tabellar – vedlegg 4. Fordelinga i desse tabellane låg til grunn for reguleringa av studieplassane for opptaket 2011.

Midlar tildelt over budsjettkapittel 281

For 2011 fekk Høgskolen i Bergen følgjande tildelingar på kap. 281 post 01:

	Studium	Beløp
A	Fleksibelt utdanningstilbud for tospråklige lærere	275 000,00
B	Veilederutdanning - Mentorutdanning	353 880,00
C	Likestillingsprisen	2 000 000,00

A: I studieåret 2011/2012 vert det undervist i modulen Språkdidaktikk, 30 studiepoeng. Det er tatt opp 24 studentar til modulen.

B: På grunn av låg påmelding vart oppstart av studiet utsett til januar 2012. Etter intensivert marknadsføring starta 38 deltakarar opp, og studiet vil verte avslutta i juni 2012.

C: Sjå rapportering i eige vedlegg.

Saker frå Sivilombudsmannen og Riksrevisjonen

Riksrevisjonen tok ikkje opp nokon saker med høgskolen i løpet av 2011.

Høgskolen hadde ingen saker som vart reist for Sivilombudsmannen i 2011.

Større investeringsprosjekt

Høgskolen sitt nybygg på Kronstad er i forprosjektet planlagt for 4400 samtidige studentar og 500 tilsette. Etter at bygget vart ferdig planlagt har høgskolen opplevd ei stor vekst, og reknar med å fortsetje denne veksten til om lag 8000 studentar og 800 tilsette i 2014. Ein kan også rekne med ytterlegare vekst etter dette. Høgskolen arbeider derfor for å oppnå løyving for ei vidareutvikling av Campus Kronstad for å sikre høgskolen sine noverande og framtidige behov for ekspansjon i området. I høve til styresak 76/2011 ser høgskolen eit behov for eit supplerande bygg på Kronstad innanfor ei ramme på brutto 11.444 m².

Det er ikkje klart med finansiering av eit slikt bygg. Høgskolestyret gjorde derfor i desember 2011 vedtak om at høgskolen skal forhandle om leige av mellombels avlastingsbygg i lokale høgskolen disponerer per i dag. Det vil truleg vere nødvendig å gjennomføre noko ombygging og oppgradering av dei aktuelle lokala, for å tilpasse dei behova til høgskolen, men per i dag er det ikkje klart kor store kostnader som vil vere knytt til dette arbeidet.

Reduksjon av mellombels tilsetting

Sjå kvalitative vurderingar under sektormål 4.

Etiske retningslinjer

Etiske retningslinjer for Høgskolen i Bergen vart vedtekne av høgskolestyret 16. juni 2008. Dei skal dekkje alle sidene ved verksemda, og er tilgjengelege på nettsidene til høgskolen:

<http://www.hib.no/om/sentrale-dokumenter/lover-og-regler/etikk.htm>.

Personalseksjonen orienterer om dei etiske retningslinjene i samband med leiarmøter, og det å spreie kunnskap om retningslinjene er eit viktig tiltak for å sikre at dei vert følgde opp. Tilsette som har biarbeid må rapportere dette inn sentralt, og det skal vere godkjent av leiar.

Forvaltning av fullmaktar

Høgskolen i Bergen har eigarskap i to selskap. Ingen av desse har lagt opp til forretningsmessig vinst. Det vert elles vist til delmål 3.2.2.

Tryggleik og beredskap

Høgskolen har utarbeidd ein beredskapsplan der desse områda er omtala: varsling, informasjon, verkeområde, organisering og omsorg. Hausten 2011 vart det arbeidd med planar for styrka beredskap. Høgskolen skal gjennomføre ei table-top beredskapsøving i april 2012.

Høgskolen gjennomførte eit informasjonsmøte med Bergen Politikammer i desember 2011. Temaet for møtet var beredskapsarbeid i utdanningssektoren og *Førebygging av hendingar i skolen*.

I tillegg har høgskolen utarbeidd ein HMS-handlingsplan, som no vert oppdatert og skal vere gjeldande for perioden 2012-2015. Det er også utarbeidd ein handlingsplan for samarbeid med bedriftshelsetenesta. Her er det avtalt at bedriftshelsetenesta skal støtte høgskolen i samband med gjennomføring av risikovurderingar på dei ulike avdelingane.

I 2011 arbeidde IT-seksjonen ved høgskolen med oppgraderingar av eksisterande installasjonar til nye og sikre versjonar. E-postsystemet, som er eit av HiB sine mest verksemdskritiske system, er no

oppgradert til siste versjon, og redundansen er sterkt utbetra. Arbeidet med å ordne serverar under eit felles sentralt administreringssystem av sikkerheitsoppdateringar er ferdig.

Felles føringar

Inkluderande arbeidsliv

Ordninga med inkluderande arbeidsliv er følgt opp. Høgskolen har oppretta tversgåande team som skal vere ressurspersonar i avdelingane. Det er underteikna ein ny samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv for perioden 2010-2013. Høgskolen har også utarbeidd ein ny IA-handlingsplan for perioden 2010-2013 i samarbeid med NAV. Høgskolen hadde eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 4,15 % i 2011.

Brukarundersøkingar

Høgskolen i Bergen gjennomfører jamleg brukarundersøkingar av forskjellige slag, både internt og eksternt.

I 2011 gjennomførte høgskolen Kandidatundersøkinga i samarbeid med Karrieresenteret:

<http://www.sib.no/no/karriere/pa-terskelen-til-arbeidslivet/kandidatundersokelsen-1/kandidatundersokelsen-2011/view>

Høgskolen planlegg ei relevansundersøking våren 2012. Dette vil vere ei pilotundersøking knytt til tre av utdanningane ved høgskolen.

Det er ikkje endeleg avgjort når neste studenttilfredsheitundersøking skal gjennomførast, men mest sannsynleg blir dette våren 2013.

Etter studiestart hausten 2012 planlegg høgskolen ei rekrutteringsundersøking blant nye studentar.

Høgskolen gjennomførte ei undersøking av medarbeidartilfredsheit i 2010, og følgde denne opp i 2011.

Lærlingar i staten

Høgskolen hadde ikkje lærlingar i 2011. Det var ikkje kapasitet til å følgje opp lærlingar, på grunn av vakansar i personalseksjonen. Det var heller ikkje ledige kontorplassar. I løpet av året hadde høgskolen to personar på arbeidspraksis gjennom NAV.

Høgskolen har tidlegare hatt lærlingar i kontorfag, og vil i framtida vurdere å ta inn slike lærlingar att, på inntil to gjennomgåande kontraktar i året. I 2010 hadde høgskolen *ein* lærling.

Statistikk for talet på arbeidsplassar

Avdeling	2007	2008	2009	2010	2011
AHS	192,7	196,7	182,8	179,2	189,9
AI	159,2	169,7	170,5	173,5	177,2
AL	191,5	198,6	200,3	204,1	204,1
SA	107,8	111,3	109,2	109,9	116,4
Sum	651,2	676,3	662,7	666,7	687,5

Som tabellen over viser har høgskolen i perioden 2007-2011 hatt ein auke i talet på tilsette. Denne auken er på 5,3 %. I den same perioden har opptakstala til høgskolen auka med vel 20 %. Sjå elles sektormål 4.

Tilgjengeleggjering av offentlege data

Alle rådata vert rapporterte inn via offentlege system.

ÅRSPLAN 2012

Innleiing

I juni 2011 orienterte Kunnskapsdepartementet (KD) om ny målstruktur for høgskolane og universiteta. Dei viktigaste endringane i denne målstrukturen i høve til den førre er at institusjonane sjølve får definere verksemdsmåla, og at talet på styringsparameter er kraftig redusert.

Styret ved Høgskolen i Bergen vedtok i desember 2010 ny strategisk plan for høgskolen, for perioden 2011-2015. Høgskolen la mykje arbeid ned i å utarbeide denne planen, og den er godt forankra i organisasjonen. Det var derfor naturleg å nytte målformuleringane i Strategisk plan som verksemdsmål i årsplanen. Dette er gjennomført konsekvent, med to unntak: Under sektormål 4 er det utvikla to verksemdsmål som ikkje er henta ordrett frå Strategisk plan – eitt om nybygget (verksemdsmål 4.3) og eitt om økonomien (verksemdsmål 4.5). Den sterke integrasjonen mellom Strategisk plan og årsplanane vil bidra til å halde fokus på dei strategiske målsettingane til høgskolen. Verksemdsmåla vil på denne måten vere uendra så lenge Strategisk plan er uendra. Dette vil gje årsplanane eit meir langsiktig preg, samtidig som tiltaka vil vise kva høgskolen skal fokusere særskild på i det aktuelle planåret.

Med denne endringa har årsplanen til Høgskolen i Bergen vorte mindre omfattande enn tidlegare. For å gjere planane til høgskolens eigne i størst mogleg grad, var det definert eigne *delmål* i årsplanane for 2009 og 2010, i tillegg til sektormål og verksemdsmål. Det er no ikkje lenger nødvendig å ha med delmål, og dermed vert talet på målformuleringar kraftig redusert. Dette gjev høgskolen høve til å gjere årsplanen meir strategisk enn tidlegare: årsplanen viser ikkje alt det viktige høgskolen skal arbeide med i 2012, men det som vi skal halde særleg fokus på i planåret.

Det har vore krevjande å utvikle eit nytt konsept for årsplanen basert på ein ny målstruktur i ein periode der høgskolen nett har gått inn i ein ny åremålsperiode, i tillegg til å skulle handtere omfattande arbeidsoppgåver knytt til omstilling fram mot samlokaliseringa. Det viktigaste grepet som er gjort er å forankre planen mot høgskolens strategiske plan, men dette kan vidareutviklast. I tillegg kjem at arbeidet med risikovurderingar må halde fram. Her er det eit forbetningspotensiale. Men med den strukturen som no ligg til grunn vil det vere lettare å gjennomføre ei grundigare drøfting av risikoane i neste omgang, både når årsplanen for 2012 skal følgjast opp og i arbeidet med årsplanen for 2013. Årsplanen vart drøfta av styret i november og desember 2011, før den vart endeleg vedteken i februar 2012.

Høgskolen vil i 2012 leggje særskild vekt på å:

- vidareutvikle den faglege kompetansen i personalet og auke porteføljen av professorat, førstestillingar med doktorgrad og stipendiatar
- konsolidere porteføljen av studieprogram på bachelornivå på høgt kvalitativt nivå og sikre høg kompetanse, basert på både teoretisk tilnærming og praksiserfaring, i profesjonsutdanningane
- vidareutvikle mastergrader som byggjer på bachelorprogramma og som støttar opp under doktorgradene
- intensivere arbeidet med utvikling av dei to doktorgradsprogramma som har kome lengst i arbeidet
- inngå i strategiske alliansar/SAK-prosessar som fremjar høgskolens eigne faglege ambisjonar
- halde eit sterkt trykk på omstillingsprosessar og vidareutvikling av høgskolens administrasjon som ein administrasjon som byggjer opp under dei faglege hovudstrategiane

- drive samlokaliseringsprosjektet slik at ein sikrar ei best mogleg arealutnytting og gode flytteprosessar
- sikre god effektivitet i den samla økonomiforvaltinga og sikre naudsynte felles avsetningar for å setje i verk strategiane og kunne ta uføresette utgifter.

Innleiing

For å oppnå målet om å gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov vil høgskolen både fokusere på kvaliteten i utdanningane og på kvaliteten på kandidatane som skal ut i samfunnet etter at dei er ferdig utdanna.

Høgskolen må også i 2012 halde fokus på studieporteføljen, og gjere strategiske val om framtidig studietilbod med tanke på målsettinga om å oppnå universitetsstatus. Dette inneber at nye studietilbod i hovudsak vil kome på masternivå, samtidig som det er avgjerande for høgskolen å fortsetje å vere ein sentral tilbydar av profesjonsutdanningar av høg kvalitet. Høgskolen vil fortsetje arbeidet med å utvikle mastergradsutdanningar i samarbeid med andre institusjonar, både i Noreg og internasjonalt.

